

ÅRS- RAPPORT 2025



Noregs
musikkhøgskole
Norwegian Academy
of Music

ein del av



IN.TUNE
Innovative Universities
in Music & Arts in Europe



Co-funded by
the European Union

INNHALD

1.	Rapport frå styret	4
2.	Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
3.	Årets aktivitetar og resultat	10
4.	Styring og kontroll av verksemda	22
5.	Vurdering av framtidsutsikter	27
6.	Årsrekneskap 2025	32

Om Noregs musikkhøgskole

Noregs musikkhøgskole (NMH) er ein kunstfagleg og vitskapleg høgskole. NMH er anerkjend som ein internasjonalt leiande musikkutdanningsinstitusjon med dyktige lærarar og engasjerte studentar i eit inspirerande miljø. NMH utdannar musikarar, komponistar, dirigentar, pianostemmarar, musikkpedagogar og musikkterapeutar på bachelor-, master- og doktorgradsnivå.

NMH har ein omfattande konsertverksemd og høg aktivitet innan kunstnarleg utviklingsarbeid og forskning. NMH held til på Majorstua i Oslo og har om lag 850 studentar og 215 årsverk. Les meir på www.nmh.no.

01 – RAPPORT FRÅ STYRET

I 2025 starta iverksettinga av den nye strategien *Musikk beveger* for alvor på NMH. Vi lyste ut strategiske middel og fekk søknader til ei rad spennande prosjekt innan mellom anna mangfald, musikkterapi og musikkhelse og til arenaer for dialog om musikk og kunstnarleg arbeid i vår tid – alle område vi særleg vil utvikle i tida framover. Vi gjennomførte også ei organisasjonsevaluering som ei oppfølging av strategiprosessen, med spørsmål om Musikkhøgskolen er godt nok strukturert for å følge opp måla i strategien. I august starta også ein ny rektoratperiode, med same rektor som dei fire føregåande åra, men med nye styremedlem mellom både eksterne og interne.

Samtidig med alt det nye, er verksemda ved NMH i stor grad prega av kontinuitet og relativ stabilitet. Studieporteføljen vår speglar ei rad ulike behov i samfunnet samtidig som størstedelen av dei utøvande gradsstudia framleis er innan klassisk musikk. Ein stor del av undervisninga går òg føre seg ein-til-ein eller i små grupper, i tråd med tradisjonen og for å sikre høg kvalitet innan skapande og utøvande disiplinær spesielt. Både søkinga til og gjennomføringa av studia er god på alle nivå. For dei mest ettertrakta studia er det nærare 30 søkarar per plass. Kandidatundersøkinga *Post-studium*, som blei gjennomført av Telemarksforskning i 2025, viser dessutan at studentane frå NMH får relevant arbeid etter fullført utdanning, også i ein bransje som krev at mange set saman sine egne arbeidskvardagar, ofte i ein kombinasjon av utøvande, pedagogisk og andre musikkrelevante oppgåver.

Også på ph.d.-programma er gjennomføringa og søkinga god. Innan kunstnarleg utviklingsarbeid har det dei siste åra vore omlag 100 søkarar til tre stillingar, og på programmet i musikkforskning er også søkinga god og nivået høgt. Stipendiatane går inn i faglege fellesskap med andre kollegaer med FoU i stillinga under eitt av dei tre sentra ved NMH, CREMAH (i musikk og helse), CERM (for utdanningsforskning i musikk) og NordART (kunstnarleg utviklingsarbeid og praksisorientert musikkvitenskap). Gjennom året har det, som oppfølging av

strategien, vore arbeidd med ein FoU-handlingsplan som kan stimulere til meir samhandling om FoU internt og styrke den eksterne finansieringa. Vi er svært glade for at søknaden til *MishMash – senter for kreativitet og KI* blei støtta av Forskringsrådet, og at vi er involverte i fleire av arbeidspakene der. Samtidig merkar vi at å utvide med fleire rekrutteringsstillingar set den manglande kapasiteten på kontorplassar og spesialareal på spissen.

Verdssituasjonen i stort har blitt stadig meir krevjande gjennom 2025, og det merkast også på Musikkhøgskolen. Styringa av offentlege ressursar er generelt blitt strammare og det er langt meir fokus på beredskap enn i starten av sist styreperiode. I ein situasjon der pengane i aukande grad rettast mot forsvar, helse og naturvitskapleg og teknologisk forskning er NMH uroa for at merksemda rundt kunst og musikk blir mindre. Derfor er vi glade for at *Totalberedskapsmeldinga* (Meld. St. 9 2025-2025) understrekar at det er viktig å halde oppe «sterke og uavhengige medier og kunst- og kulturinstitusjoner ... under kriser og krig.»

Når språket ikkje strekk til, trer kunsten fram. I møte med sorg, frykt og uvisse gir kunst og musikk form til det som ikkje kan forklarast. Historia viser at musikk får ein sentral plass i krisetider – i kyrkjer, på torg, i protestrørslar og i heimane. Han gir styrke, trøyst, håp og ei kjensle av samanheng når verda blir opplevd som fragmentert.

Men også dei som arbeider med musikk dagleg blir prega av urolege tider. Rektoratet har derfor lagt vekt på aktiv dialog med studentar og tilsette om internasjonale og politiske spørsmål, mellom anna knytt til USA, Israel/Palestina og Russland/Ukraina. Eit nytt uformelt forum, *Rektoratprat*, er ope for å ta opp og drøfte slike, og andre, aktuelle tema.

Når framtida ser utfordrande ut, er det særleg viktig at studentane kjem ut av studia med fokus ikkje berre på egne prestasjonar og kompetanse, men med eit bilete av *kvifor* faget dei tar med ut i samfunnet er viktig. I 2025 la vi denne dimensjonen inn ikkje berre i strategien, men også i felles emne for bachelorstudentane og på andre møte-

plassar på huset. Vi ser òg stor verdi i utgreinga *Musikklandet* (NoU 2025:7) frå Kulturdepartementet, som tar føre seg verdien av og funksjonen til musikk innan eit stort spekter av samfunnsområde. I høyringssvaret frå NMH understreka vi samtidig at musikk har eigenverdi i sjølve musikkopplevinga.

På NMH deler vi verdier og politiske utfordringar med fleire internasjonale samarbeidspartnarar, og har nettverk som spenner over heile kloden. Gjennom 2025 har arbeidet i den europeiske universitetsalliansen IN.TUNE hatt høgst prioritet og blitt konkretisert i ei rad ulike aktivitetar for kollegaer og studentar på alle dei åtte institusjonane som er involvert.

Musikkhøgskolen er full av initiativrike, kreative prosjektmakrar og frå tid til anna merkar vi at presset på rom og administrative ressursar tvingar fram tydelegare prioritering mellom dei ønskete aktivitetane. Matrisesorganiseringa av verksemda har

øgd potensial til å bli ryddigare og meir effektiv, mellom personal- og studieleiing, i administrasjonen og ikkje minst på FoU-området. Vi har derfor tatt organisasjonsevalueringa over i ein organisasjonsutviklingsprosess. Fleire av tiltaka som kjem ut av denne vil bli handsama i styret våren 2026 og sett i verk frå hausten same år.

Med alt dette ser vi at *Musikk beveger*, som var resultatet av ein brei prosess med styret, studentar og tilsette pluss eksterne interessentar og samarbeidspartnarar, raskt har gitt resultat. Strategien vil òg bli teken inn i det vidare arbeidet med ein ny utviklingsavtale for perioden 2027–2030, framleis under visjonen til Musikkhøgskolen: *Lyttande, lærande, levande*.

Oslo 05.03.2026.


Astrid Kvalbein


Stein Bjelland


Marianne Beate Kielland


Elise Sløgedal


Marianne Marthinsen


Knut Skansen


Karette Annie Stensæth


Ola Ur Sæbø


Inga Bostad


Roger Arntzen


Ingrid Holst Solli

02 – INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

SAMFUNNSOPPDRA

Noregs musikkhøgskule (NMH) er ein vitskapleg høgskule med Noregs største fagmiljø innan musikk. NMH tilbyr høgare utdanning i musikk, basert på forskning og erfaringskunnskap. Vi driv òg fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå, og formidlar resultata av verksemda vår ut i verda.

Vi har ein norsk og europeisk musikkarv vi er stolte av, og som er med på å identifisere oss. Tradisjonane skal vi ta vare på, men samstundes må vi skape nye musikalske fellesskap i eit samfunn i rask endring. Vi er forvaltarar og ikkje museumsvaktarar. Skal arven vere levedyktig og relevant i framtida, må vi vere opne for nye uttrykk og musikkformer.

Utdanningane våre skal gi eit solid grunnlag for ein profesjonell karriere innan musikk. Utdanningane skal òg gjere studentane i stand til å ta relevante val seinare i livet. Slik skal vi bidra til at Noreg òg i framtida har eit sterkt og levedyktig musikkliv, der alle er velkomne og kan delta.

Vi skaper og utover kunst fordi kunst er viktig i seg sjølv. Vi legg til rette for og stimulerer til eit musikalsk samfunn ved å bidra til ulike arenaer. Det gir vi ved å bygge NMH på forskning og utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå. Slik legg vi til rette for at studentane våre får ei brei kompetanse med utøvande, skapande, pedagogiske og terapeutiske ferdigheiter.

Vi utdannar musikkterapeutar, instrumentalar, songarar, dirigentar, kyrkjemusikarar, musikkpedagogar, komponistar, musikkteknologar og pianostemmarar. Vi arbeider innanfor eit breitt spekter av sjangrar, som særleg omfattar folkemusikk, klassisk, jazz og samtidsmusikk.

På NMH kan studentane ta bachelor, master og doktorgrad i musikk – både utøvande og teoretiske emne. I tillegg tilbyr vi årsemne og vidareutdanning frå 5 til 60 studiepoeng, for dei som treng fagleg påfyll.

Vi har flotte konsertsalar, lydstudio, eitt av Noregs største musikkfaglege bibliotek og ei stor samling historiske instrument. NMH er ein av landets største konsertarrangørar, med arrangement i eigne og leigde lokale. NMH held til på Majorstua i Oslo.

DEPARTEMENTSTILHØYRE

Noregs musikkhøgskole er underlagt Kunnskapsdepartementet som ein sjølvstendig vitskapleg høgskule.

HOVUDTAL

Studentar	2022	2023	2024	2025
Registrerte studentar totalt	812	868	851	824
Registrerte studentar på bachelor	313	322	313	326
Registrerte studentar på master	270	260	244	222
Registrerte studentar på vidareutdanning	229	286	294	276
Antal søkarar på bachelor	721	800	756	686
Antal søkarar på master	478	467	395	450
Antal søkarar på vidareutdanning	368	494	561	547
Aktive stipendiatar	32	52	50	47

Årsverk	2022	2023	2024	2025
Totalt	234	211	206	215
Årsverk i teknisk-administrative stillingar	78	67	64	68
Årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar	155	144	142	147
Kvinneandel	47,0 %	46,7 %	45,3 %	47,4 %

Kostnader	2022	2023	2024	2025
Totalt	312 978	332 261	332 127	353 356
Løn	197 482	203 678	199 726	211 985
Løn prosentandel av totalt	63,1 %	61,3 %	60,1 %	59,9 %
Husleige	60 798	67 313	69 576	69 276
Husleige prosentandel av totalt	19,4 %	20,3 %	20,9 %	19,6 %
Andre driftskostnader	54 698	53 984	55 447	62 093
Andre driftskostnader prosentandel av totalt	17,5 %	16,2 %	16,7 %	17,6 %

Konsertar og arrangement	2022	2023	2024	2025
Offentlege konsertar og arrangement i regi av NMH	435	416	338	360
Konsertar og arrangement på eksterne arenaer	154	167	128	136
Antal publikum totalt	23 110	26 211	22 842	25 092

ORGANISERING

Styret

Styret er det øvste organet ved NMH. Rektor er leiar av styret. I tillegg har styret ti representantar: Fire eksterne representantar, oppnemnde av Kunnskapsdepartementet, og interne representantar valde av tilsette og studentar; tre frå dei kunstnarlege og vitenskaplege tilsette, ein teknisk-administrativ tilsett og to studentar.

Leiinga

Leiinga ved NMH er rektoratet og direktøren. Rektoratet blir valt av studentar og tilsette for fire år. Rektoratet besto fram til 1. august 2025 av rektor Astrid Kvalbein, prorektor Morten Qvenild, viserektor for forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid Sidsel Karlsen, viserektor for utdanning Gunnar Flagstad og direktør Kristel Jæger Skorge. Frå 1. august blei Morten Qvenild også viserektor for FoU og formidling, og Vivianne Sydnes blei viserektor for utdanning. Det nye rektoratet sit fram til 2029.

Fagseksjonane

Tilsette i kunstnarlege og vitenskaplege stillingar er organiserte i sju fagseksjonar: fagseksjon for blåsarar og slagverk, fagseksjon for strykarar og harpe, fagseksjon for klaver, akkompagnement, gitar og akkordeon, fagseksjon for dirigering, song og kyrkjemusikk, fagseksjon for improvisert musikk, jazz og folkemusikk, fagseksjon for musikkpedagogikk og musikkterapi og fagseksjon for musikkteori, komposisjon og musikkteknologi. Rektor er øvste leiar for alle fagleg tilsette.

Administrasjonen

Tilsette i administrative og tekniske stillingar er organiserte i seks seksjonar: studie- og FoU-seksjonen, seksjon for drift og IKT, seksjon for økonomi, personal og arkiv, seksjon for kommunikasjon og samfunnskontakt, seksjon for konsert- og arrangementsproduksjon og biblioteket. Direktøren er øvste leiar for administrasjonen.

NMHs senter

Forsking og kunstnarleg utviklingsarbeid er organisert i tre forskningssenter: Arne Nordheim-senteret (NordART), Senter for utdanningsforskning i musikk (CERM) og Senter for forskning i musikk og helse (CREMAH).

Hovudutvala

Faglege spørsmål blir handsama i hovudutvala. Studieutvalet har ansvar for å utvikle, legge til rette for, implementere, kvalitetssikre og evaluere utdannings-tilbodet. FoU-utvalet skal initiere, prioritere, evaluere og legge til rette for kunstnarleg utviklingsarbeid, forsking og anna fagleg og pedagogisk utviklingsarbeid. Frå 1. august blei Konsertutvalet erstatta med Formidlingsutvalet, for å sjå all formidling av verksemda i samanheng.

ORGANISASJONSKART



03 – ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

Utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet går frå 2023 til 2026 og er strukturert under desse målformuleringane:

- Gi det norske samfunnet musikkfagleg kompetanse på høgt internasjonalt nivå.
- Halde fast ved og styrke posisjonen som ein internasjonalt leiande FoU-institusjon innan fagområdet musikk.
- Auke NMHs synlegheit i samfunnet og styrke forståinga av musikken og kunsten si betydning i menneskelivet.

Saman med den nye strategien representerer utviklingsavtalen toppnivået i planhierarkiet vårt. NMH rapporterer i dette kapittelet på årsplantiltaka som er baserte på måla i utviklingsavtalen og den nye hovudstrategien *Musikk beveger*. Gjennom denne rapporteringa er sektormåla inkludert. Fellesføringar og tilbakemeldingar frå etatsstyringsmøtet svarer vi ut i både kapittel 3 og 4.

Mål 1: Gi det norske samfunnet musikkfagleg kompetanse på høgt internasjonalt nivå.

NMH har som ambisjon å utdanne modige og reflekterte musikkarbeidarar som gjennom yrkeslivet kan styrke den rolla musikk spelar i samfunnet. Vi har ettertrakta studieprogram på bachelor-, master og ph.d.-nivå og i tillegg ei rad etter- og vidareutdanningstilbod som hevar kvaliteten og kompetansen innan ei rad område, frå grunnskole til eldreomsorg, kyrkjemusikk og verksemd som forskar og sjølvstendig næringsdrivande kunstnar. Utanningane skjer i tett samspel mellom undervisning, forskning og praksisfelt med partnarar lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Tiltak 1 – Fortsette etableringa og koordineringa av den europeiske universitetsalliansen IN.TUNE og arbeide med å bruke alliansen strategisk for utveksling og høgare kvalitet innan prioriterte fagområde.

NMH har i 2025 hatt ei sentral rolle i den europeis-

ke universitetsalliansen IN.TUNE, med ansvar for overordna styring, økonomi-forvaltning og førebuing av midtvegsevaluering. Det har vore stor aktivitet og breitt engasjement i alliansen, både internt ved NMH og mellom partnarinstitusjonane. Gjennom ei felles metodisk tilnærming basert på å kartlegge, samordne behov og utvikle nye tiltak, er det etablert robuste strukturar for samarbeid, involvering av fagleg og administrativt tilsette, og aktiv studentmedverknad.

Alliansen er brukt strategisk for å styrke kvalitets- og kompetanseutvikling mellom anna gjennom utveksling innan prioriterte fagområde. Det er utvikla felles kurs og digitale undervisningsformat, nye rammeverk for mobilitet og løysingar for fjernundervisning med høg kunstnarleg kvalitet. Bruken av *low latency-teknologi* (MVTP) er aukande, og NMH har i samarbeid med Sibelius-akademiet i Helsinki til dømes arrangert offentleg MVTP-undervisning i improvisasjon. Det har òg vore fleire faglege samlingar i alliansen, mellom anna for songlærarar og for fagmiljøet i tidleg musikk.

Musikarhelse er eit strategisk satsingsområde ved NMH og ein viktig del av arbeidet i IN.TUNE, mellom anna i form av den digitale seminarserien *Life Long Healthy Musician*.

Tiltak 2 – Fange opp behov og styrke tilbodet i etter- og vidareutdanning mellom anna ved å utvikle heilt eller delvis digitale kurs.

Vidareutdanningsporteføljen ved NMH har vore i god utvikling dei siste åra, og har no eit breitt tilbod i innhald og omfang. Fleksibiliteten som er bygd inn i denne delen av studieporteføljen, gjer det mogleg å respondere raskt på behov og etablere studietilbod retta mot målgrupper Musikkhøgskolen tidlegare ikkje har nådd i same grad. For å kunne ta inn nye tilbod innanfor same ressursramme, og utan å legge ned eksisterande tilbod, har vi etablert ei rulleringsordning mellom fleire av tilboda innan eit fagområde. Dette har vore formålstensleg òg med tanke på søkartilfanget.

Fleire av vidareutdanningane er samlings-

baserte og/eller delvis digitale, noko som gjer at Musikkhøgskolen når ut til studentar over heile landet. Vi har likevel meir å gå på med å utvikle heilt digitale vidareutdanningstilbod. Dette har ikkje hatt høg prioritet dei siste åra, sidan behova for nye tilbod i hovudsak har dreidd seg om praktisk musikkutøving, som eignar seg best i fysiske undervisningsformer.

I 2025 blei det etablert ei ny vidareutdanning – *Artist diploma i utøvande musikk*. Vidareutdanninga er ei årseining på full tid for klassiske utøvarar med masterutdanning på eit særleg høgt nivå. Utanninga er i første omgang ein pilot med opptak i studieåra 2025/26 og 2026/27.

Tiltak 3 – Sette i verk handlingsplan for musikarhelse (vedtatt 2024), og fullføre revisjon og betre samordning av emne innan bransje- og profesjonskunnskap.

Som eit ledd i implementeringa av handlingsplanen for musikarhelse blei det i 2025 etablert eit prosjekt med deltaking frå både tilsette og studentar. Prosjektet fekk mellom anna strategiske middel til å utvikle to nye valemne som skal styrke det faglege tilbodet på området. Vidare blei podkasten *Mellom slaga* etablert, med tematisk vekt på musikar-helse og prestasjonspsykologi. Det blei òg arbeid med vidare revisjon av emne for 2. avdeling innan bransje- og profesjonskunnskap, som vil bli implementert for studentar frå hausten 2026. Den såkalla *bransjeveka*, som handla om å skape eit yrkesliv i musikk, blir flytta frå første til tredje studieår, og kjem i ei revidert utgåve, med mål om å utvikle eit konsertprosjekt for framføring på utradisjonelle arenaer.

Vi vil òg halde fram med å integrere resultat frå det tidlegare senteret for framifrå utdanning (SFU) – CEMPE – i utdanningane våre. Mandatet til CEMPE var å utforske lærings- og undervisningsformer som bidreg til kvalitetsutvikling, innovasjon og endring i høgare utdanning. Arbeidet i CEMPE stimulerte til viktige studieprogramrevisjonar på masterstudiet i utøving. Dette har mellom anna gitt studentane meir relevant praksiserfaring og etablert møteplassar mellom musikkbransjen og musikkstudentane.

Tidlegare har vi tilbode emne i bransjekunnskap i første og andre år, saman med valemne. No gjer vi bransjeemne obligatorisk for alle studentar

alle fire åra på bachelor. Vi vil ta på alvor at studentane våre treng stor kunnskap om kven dei er og kva dei vil i det musikklivet dei skal vere med og forme, noko som òg trer tydeleg fram i strategien vår. Alle studentar har òg ulike modular i emnet musikkforståing med læringsmål som skal gi studenten eit breitt grunnlag for å forstå, formidle og reflektere over musikk. Modulane er reviderte nyleg, og vi trur at kompetansen studentane får, gjer dei betre rusta som musikkarbeidarar.

Tiltak 4 – Utnytte revisjonen av felles emne på bachelornivå til å styrke førsteårsopplevinga til studentane og stimulere til samarbeid og erfaringsutveksling på tvers av studieprogram.

I revisjonen av emnet Musikkforståing 1 (EX-MUS10) har den omtalte *bransjeveka* blitt erstatta av ei veke med fokus på musikken si rolle i samfunnet, der studentane i 1. år blir sette saman i grupper på tvers av studie-program. Under leiing av masterstudentar, stipendiarar og faglærarar, skal gruppearbeidet legge til rette for å utveksle ulike perspektiv og meiningar om musikk. I tillegg til å bli eksponert for ulike perspektiv er arbeidet òg eit greitt høve til å bli kjend med studentar dei vanlegvis ikkje samspeilar med i studiet. Å legge til rette for at studentane kan utvide perspektiva sine med ulike syn på kva musikken betyr i samfunnet i samarbeid på tvers, kan bidra både til å styrke mangfaldet i studiemiljøet og opplevinga av legitimiteten til musikk i samfunnet.

Tiltak 5 – Utvikle ein handlingsplan for auka mangfald i rekruttering av studentar og tilsette, samt sette søkelys på mangfald gjennom strategisk leiing og kommunikasjon, i litteratur, undervisnings- og konsertrepertoar.

NMHs mangfaldserklæring legg vekt på å gi plass til et breitt spekter av menneskelege, musikkfaglege, sosiale og kulturelle uttrykk, bakgrunnar, kompetansar og perspektiv. Eit tilbod som konkret aukar mangfaldet på NMH er det frie bachelorstudiet FRIBA og det frie masterstudiet FRIMA, der studentane sjølv definerer det kunstnarlege prosjektet sitt, og får høve til å forme studiet slik dei ønsker. NMH er den einaste institusjonen i landet som tilbyr dette, og som eit av få musikkonservatorium i Europa tilbyr vi òg folkemusikkstudium på

alle tre syklusar. Folkemusikkmiljøet vårt er sær innovativt samstundes som ein tek i vare den tradisjonelle musikken.

NMH har òg gjennom den søknadsbaserte ordninga strategiske middel, prioritert å støtte opp om prosjekt og seminar med mangfaldsperspektiv. Prosjekta har ulike innfallsvinklar, men fellesnemenaren er at dei utviklar kunnskap om korleis NMH kan arbeide for å nå målet om auka mangfald. Funna vil danne grunnlag for å utarbeide ein handlingsplan i neste fase. Døme på prosjekt med mangfaldstematikk i 2025:

Mangfaldskartlegging: I dette prosjektet blir potensialet for auka mangfald i sjangrar, kulturuttrykk og etnisk representasjon ved NMH undersøkt. Kva bidreg til og kva hindrar mangfald? Spørsmåla blir undersøkte på mikronivå (innhald i fag, repertoar, litteratur) og på makronivå (rutinar og opplegg ved opptaksprøver og inntak, realkompetansevurdering av kandidatar utan formell utdanning). Kartlegginga har inkludert eit hiphop-seminar og ein studietur til Rytmask Musikkonservatorium i København. Funna frå kartlegginga skal mellom anna munne ut i ein rapport med anbefalingar og konkrete tiltak, og forslag til ein ny modul innan vidareutdanninga Kulturelt mangfald i musikkundervisninga (med oppstart haust 2026).

Kvinner i norsk musikkhistorie: Prosjektet har tematisert på kva måtar historieskriving, kanondanning, nasjonal identitet og kjønnsidentitet har forma og framleis formar korleis vi forstår norsk musikk. Prosjektet har som mål å samle eit nasjonalt fagmiljø som arbeider med forståingar av kjønn og nasjonsbygging i eit musikkhistorisk perspektiv. Hausten 2025 samla prosjektgruppa eit fagmiljø frå høgare musikkutdanningsinstitusjonar i Noreg, Nasjonalbiblioteket, Kulturdirektoratet og andre forskarar og skribentar. Arbeidet blir vidareført med ein antologi som tek sikte på å treffe breitt med tanke på sjangrar, uttrykksformer og musikalske praksisar.

Seminar om talentutvikling innan jazz og rytmisk musikk: Aktørar innan det rytmiske feltet blei invitert til eit seminar om mangfald og rekruttering, der spørsmåla var: Kva kan vi som arbeider med talentutvikling gjere for å bidra til kjønnsbalanse og større mangfald i talentutviklingsprogramma og blant søkarar til programma våre? Kven skal vi samarbeide med for å sikre eit mangfaldig tilgang av søkarar, og for å nå ut til dei gruppene som er

underrepresenterte?

Nytt opptaksprøverepertoar i samarbeid med FUM: Fleire av utdanningsinstitusjonane knytte UHR sitt fagorgan for utøvande og skapande musikk (FUM) har eit felles opptaksprøverepertoar for opptak til utøvande bachelorutdanning – klassisk. FUM gjennomførte i 2023 ei kritisk gjennomgang av repertoaret for å vurdere ulike mangfaldsperspektiv. Gjennomgangen viste at dei om lag 80 komponistane som er nemnde, i det obligatoriske repertoaret og som døme på repertoar, er alle menn, og alle utanom tre er europeiske. På enkelte instrument er det ei oppfordring til søkarane om å velje eit sjølvvalt verk frå nyare tid, men der «nyare tid» er definert med årstal (etter 1950/1960). På bakgrunn av funna blei det sett ned ei arbeidsgruppe på tvers av institusjonane. Gruppa har utarbeidd forslag til retningslinjer, for repertoarkrav på eit utval instrument, som skal sikre eit større mangfald. Arbeidet med å utarbeide nye repertoarkrav er i gang, og skal vere klart til opptaket 2027/28.

I NMHs base for video og bilde går høgskolen aktivt inn for å finne gode døme på illustrasjonar av utøvarar og studentar når NMH kommuniserer eksternt om studiar og forskning. I konsertmarknadsføringa står mangfald sentralt. NMH røktar språkval, stil og tone tilpassa fleire grupper menneske i ulike situasjonar, og har eit robust universelt utforma kommunikasjonsapparat i fleire kanalar.

Biblioteket har ein langsiktig strategisk for innkjøp av notemateriale av kvinnelege komponistar, òg ei eiga delsamling med bøker som handlar om mangfald i musikk og kunst. I tillegg har Biblioteket jamlege utstillingar og formidlingstiltak med materiale som til dømes handlar om minoritetar eller internasjonale markeringar.

MÅL 2 – Halde fast ved og styrke posisjonen som ein internasjonalt leiande FoU-institusjon innan fagområdet musikk

NMH driv ei rekke små og store forskings- og utviklingsprosjekt i samarbeid med lokale, nasjonale og internasjonale partnarar. Vi har sterke vitenskaplege fagmiljø innan musikkpedagogikk, musikkterapi og praksisorientert musikkvitenskap,

i samspel med kunstnarleg og pedagogisk utviklingsarbeid. Medarbeidarar innan fleire av fagområda er involvert i det forskingsrådsfinansierte prosjektet *MishMash – Senter for KI og kreativitet*.

Breidda i arbeidet vårt vil bli synleg i ende sterkare grad når vi framover tek i bruk Nasjonalt vitenarkiv (NVA), som gir høve til dokumentasjon i fleire format, også av kunstnarleg utviklingsarbeid. (KU) Samtidig er det ei vedvarande utfordring at det finst svært få og spreidde kjelder til finansiering av KU. Mange finansiorar krev dessutan ei monaleg eigenfinansiering frå institusjonen, noko vi må prioritere i budsjetta. Både utviklinga av FoU internt og strategiar for å auke ekstern finansiering er viktige område å ha merksemd på, og vi vil legge fram ein handlingsplan for FoU for styret våren 2026.

Tiltak 6 – Arbeide for å auke talet på stipendiatstillingar.

I NMH sitt budsjett er det rom for 22 stipendiatstillingar, dersom vi legg den tidlegare ordninga med øyremerkte stillingar til grunn. Ph.d.-programmet i musikkforskning har 15 stillingar knytte til programmet. Dette vurderer vi som eit rett og nødvendig tal som basis, og vi supplerer med fleire stillingar gjennom eksternfinansierte prosjekt.

På ph.d.-programmet i kunstnarleg utviklingsarbeid har vi 7 stillingar i budsjettet. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å sikre eit robust og berekraftig studietilbod, eller for å møte den stadig aukande etterspurnaden etter kompetanse på doktorgradsnivå innan kunstnarleg utviklingsarbeid (KU). Vi ser at kandidatane våre er viktige bidragsytarar til dei kreative næringane, som er blant dei raskast veksande næringane både i europeisk og global samanheng. Verdskapinga skjer både gjennom innovasjon, nyskaping, prosjektutvikling og -leiing i det frie musikk- og kunstfeltet, og gjennom vidare utviklingsarbeid og undervisning i akademia.

Det er viktig for NMH at fleire søkarar til kunstnarlege stillingar ved NMH har kompetanse på ph.d.-nivå, for å styrke KU-kompetansen gjennom undervisning frå bachelornivå og oppover. Ei auke i talet på ph.d stillingar vil bidra til å sikre søkarar med denne kompetansen i åra som kjem.

NMH har i fleire år arbeidd for å få auka løyvingar og slik høve til å auke talet på ph.d.-stillingar, gjennom budsjettinnspel og i dialog med Kunnskapsdepartementet, så langt utan å få tilslag.

Ei reetablering av ei nasjonal tilskotsordning for kunstnarleg utviklingsarbeid ville gjort det mogleg å igjen søke eksternfinansiering av KU-prosjekt inkludert stipendiat- og postdok-stillingar (sjå også tiltak 15). Fram til vi har ei basisløyving som rommar fleire ph.d.-stillingar, eksternfinansierte prosjekt og en føreseieleg arealsituasjon, vurderer vi frå år til år kor mykje vi kan omdisponere av middel for å ha tilstrekkeleg med ph.d.-stipendiatar innan kunstnarleg utviklingsarbeid.

Tiltak 7 – Involvere studentar i forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Å knyte studentar på bachelor- og masternivå tetare på forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid, og gjere koplinga mellom utdanning og FoU/KU synleg, har vore høgt prioritert i utviklingsarbeidet ved NMH gjennom fleire år. Det har vore lagt vekt på å forebu masterstudentar på ein veg vidare inn i forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid i studieplanrevisjonar, etablering av forum for deling og kunstnarleg refleksjon, og kompetanseutvikling blant hovudinstrument-lærarar og rettleiarar. Det er òg ei forventning om at studentar skal bli involverte som deltakarar i FoU-prosjekt der det er mogleg. Nokre døme frå 2025:

SAMUS: Gjennom dette eksternfinansierte prosjektet skal vi styrke samiske perspektiv i musikkfagutdanningane, og auke kompetansen og tryggleiken til musikkpedagogikkstudentane i å bruke samisk musikk i eigen undervisningspraksis. Studentane blir involverte gjennom fagdagar og ved å planlegge og gjennomføre eit undervisningsopplegg knytt til joik og samisk musikk.

Virvelrommet: Eitt av prosjekta som har fått middel for å bidra til å innfri ambisjonane i strategien. *Virvelrommet* er etablert som ein arena for deling, dialog og oppleving av kunstnarleg arbeid. Målet er samarbeid og dialog på tvers av fagmiljø, studentengasjement, inkludering, kunnskapsutveksling og deling av forskings- og kunstnarlege utforskningsarbeid. *Virvelrommet* opna dørene to gonger hausten 2025, og studentbidraga var store.

Conference Practices (CONFPRAT0): Det første felles undervisningstilbodet sett i gang gjennom IN.TUNE. Emnet er utvikla i samarbeid mellom NMH og Sibelius-akademiet. Emnet har som mål å styrke den akademiske formidlingskompe-

tansen til studentane, evna til å bygge nettverk og delta i internasjonale forskingsfelleskap. Gjennom digitale samlingar får studentane praktisk trening i å førebu og presentere faglege arbeider i eit simulert konferanseformat.

Masterfestivalen: Festivalen har etablert seg som ein viktig arena for samtalar om forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid mellom masterstudentar, ph.d.-stipendiatar og seniorforskarar. Arenaen gir masterstudentane nyttige innspel til vidare arbeid med masterprosjektet, og bidreg til å tydeleggjere koplinga mellom utdanning og FoU/KU.

Vidare legg FoU-sentra til rette for at studentar skal delta på arrangement i regi av sentra, og hovudinstrumentlærarar og rettleiarar involverer ofte studentane i eigen FoU/KU-verksemnd, utan at dette er sett i system. Vi har sett god utvikling i å synleggjere samanhengen mellom utdanning og FoU, involvere studentar i FoU/KU-prosjekt og styrke den vitenskaplege og kunstnarlege refleksjonen til studentane dei siste åra. Samtidig har Musikkhøgskolen framleis potensial i å identifisere manglar og styrke koplingane mellom 1., 2. og 3. syklus, særleg innan det klassiske feltet, og i å definere tydelege tiltak som bidreg til at fleire studentar ser forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid som eit reelt val etter avslutta mastergrad.

Tiltak 8 – Synleggjere NMHs FoU og delta i internasjonale fora.

FoU-sentra ved NMH, Arne Nordheim-senteret (NordART), Senter for utdanningsforskning i musikk (CERM) og Senter for forskning i musikk og helse (CREMAH), har hatt eit høgt aktivitetsnivå i 2025 og bidrege til at FoU/KU-arbeidet ved NMH er godt synleg. Her er døme på nokre av dei mange arenaene der NMHs FoU-aktivitet har vore representert og presentert i 2025:

LJKRE-festivalen blei arrangert for første gong i 2025, med tema FoU innan folkemusikk. Her blei stipendiatar, studentar og fagleg tilsette ved NMH sine prosjekt presentert og diskutert ved sidan av bidrag frå frilans folkemusikarar og eksperimentelle samtidsmusikkensemble.

Ding-dong eller dong-ding: FoU-senteret NordART sin årlege festival gjekk av stabelen for tredje gong i mars 2025. Festivalprogrammet dreidde seg rundt spørsmålet «Hvordan løfte kulturens verdi når verden truer?» Her blei sa-

manhengane mellom musikk, landskap og økologi utforska gjennom konsertar og installasjonar, workshops og panelsamtalar.

Glacier Lamentation: FoU-prosjekt i samarbeid mellom NMH og Universitetssenteret på Svalbard (UNIS) kombinerer kunst, vitenskap og samfunnsprosjekt. I 2025 blei prosjektet presentert på nasjonale og internasjonale seminar, festivalar, konferansar og utstillingar, inkludert UNESCOs verdsgang for isbrear, FN's havkonferanse og London Design Festival. Her inspirerte lydskulpturar og dokumentariske verk til opplevingar og refleksjon kring isbrear, klimaendringar og konsekvensar for framtida.

AIRE – Annual INTUNE Research in Education event blei halden for første gong i Wien i november 2025. Konferansen er eit samarbeid mellom INTUNE-partnarane, og fleire av NMHs tilsette frå ulike fagområde bidrog både i programarbeid og gjennomføring. Neste AIRE blir arrangert ved NMH i april 2026.

Nordic Network for Research in Music Education Conference: I samarbeid med Universitetet i Innlandet arrangerte CERM den årlege konferansen for musikkpedagogar.

Music Therapy in Pediatrics: CREMAH var medarrangør for den andre internasjonale konferansen om musikkterapi i pediatrien (MiPE) i august.

Demenskor Oslo: Gjennom CREMAH-prosjektet, finansiert av Oslo kommune, får bebuarar med demens i Oslo moglegheit til å delta i demenskor, samstundes som det blir forska på helseverknadene. Prosjektet skaper stor begeistring og synleggjer effekten av musikkterapi – både for politikarar, deltakarar, pårørande og andre som møter demensproblematikk.

I tillegg har NMH-tilsette synleggjort breidda i FoU-arbeidet og resultatata gjennom ei rekke konsertar, konferansar og nettverk nasjonalt og internasjonalt. Dei har publisert artiklar, antologiar og bøker, og kunstnarleg utviklingsarbeid er dokumentert og delt gjennom eksposisjonar, installasjonar, performance, plateutgjevingar m.m.

Tiltak 9 – Vedta ein ny FoU-understrategi basert på strategi 2025–2035, med mål om å auke andelen eksternt finansierte prosjekt og styrke samarbeid innan og mellom forskning, pedagogisk og kunstnarleg utviklingsarbeid på NMH.

Prosessen med å utarbeide ein FoU-handlings-

plan, basert på strategien *Musikk beveger*, kom godt i gang i 2025. Som del av ein involverande prosess blei det arrangert eit heildagsseminar der interne og eksterne aktørar og interessentar blei inviterte for å kome med sine perspektiv og innspel til korleis vi bør innrette, organisere og administrere FoU-aktiviteten ved NMH. Innspela blei arbeidd med, og munna ut i eit forslag til handlingsplan sendt på høyring i organisasjonen, med høyringsfrist i desember. Høyringa skapte stort engasjement, og det kom mange gode innspel som vil bidra til å konkretisere handlingsplanen og sette retning for FoU-arbeidet i åra som kjem. Handlingsplanen er venta vedteken våren 2026.

Tiltak 10 – Utvikle gode retningslinjer for FoU-rapportering ved omlegginga til NVA, med fokus på rutinar for rapportering av kunstnarleg produksjon og pedagogisk utviklingsarbeid.

Nasjonalt vitenarkiv (NVA) blei lansert om hausten, sterkt forseinka. Med gode vanar frå Cristin tok dei vitenskapleg tilsette systemet raskt i bruk. For dei kunstnarleg tilsette var det for kort tid å få ein god kjennskap til systemet, om dei skulle registrere eigne resultat i NVA innan normal frist for rapportering. Dei vil gå i gang med å registrere FoU-resultat i NVA i 2026. Det står att å etablere retningslinjer og rettleiingar på eigne nettsider.

Tiltak 11 – Utvikle og prøve ut forskingsbasert kunnskap om samanhengen mellom ny musikkteknologi, KI, kunstproduksjon og læring.

I juni blei det klart at søknaden om støtte frå regjeringa sin «KI-milliard» til å etablere forskingssenteret for KI og kreativitet – *MishMash* – blei innvilga. Senteret blir leia av UiO/Institutt for musikkvitenskap, og NMH er ein av fleire partnerar. Dei tre FoU-sentra ved NMH vil vere tydeleg representerte i arbeidet gjennom seniorforskarar, postdoktorar, ph.d.-stipendiatar og studentar i fleire arbeidspakker.

NMH deltek i leiinga av arbeidspakke 1: *AI for artistic performances* (NordART) og arbeidspakke 4: *Creative use of AI in education* (CERM), medan CREMAH vil vere involvert i arbeidspakke 3: *Creative use of AI for health and well-being*.

Som ei innleiing til – og forsmak på – etableringa av *MishMash* arrangerte NMH, i samarbeid

med CreaTeME ved Universitetet i Agder, symposiet *Machines – Moving – Music* i oktober. Symposiet kasta lys over korleis kunstig intelligens påverkar skapande praksisar, og samla forskarar, kunstnarar og pedagogar til faglege samtalar om KI si rolle i kunstnarleg arbeid. Programmet omfatta kunstnarlege prosjekt, framføringar, installasjonar, innlegg og paneldiskusjonar som tok opp korleis maskinframstilte uttrykk kan påverke kunstnarleg intensjon, kva moglegheiter KI tilfører kreative prosessar, og kva avgrensingar og etiske spørsmål teknologien reiser.

Å gå inn som partnar i dette innovative forskingssenteret vil ha stor tyding for fagmiljøa våre innan musikkteknologi, komposisjon, pedagogikk, musikk og helse, improvisasjon og tilgrensande felt. Senteret etablerer, som det første i Noreg, ein arena der vitenskapleg forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid er sidestilt i tråd med lovverket, og der ein nyttar kvarandre sine spisskompetansar.

Arbeidet med søknaden, der NMH deltok aktivt, bidrog til å etablere sterke nasjonale samarbeid, og vi ser fram til å vidareutvikle dette nettverket. Det er planlagt tilsettingar i rekrutteringsstillingar hausten 2026. Senteret har potensial til å bli verdsleiar i utvikling av arbeidsmetodar, refleksjon og perspektiv knytt til utvikling og bruk av KI, og er unikt gjennom den tette koplinga mellom kunstnarleg verksemd og vitenskapleg forskning.

Tiltak 12 – Oppretthalde og utvikle eksisterande arenaer for deling, formidling og meningsutveksling innan FoU på NMH.

Dei tilsette ved NMH representerer mange ulike fagområde i musikk, og dei deler resultatata av forskning- og utviklingsarbeid i mange kanalar og flater. Resultata av forskinga på musikkpedagogikk, musikkterapi og praksisorientert musikkvitenskap blir spreidde i bøker, artiklar i vitenskaplege tidsskrift og på konferansar, og som ein sentral nordisk aktør eig NMH eit ope tidsskrift på fagområdet, forvalta saman med Cappelen Damm Forsking (CDF). Dette tidsskriftet, som vi drifrar i lag med det nordiske musikkpedagogiske nettverket, har no ein jamn og god produksjon. Tilsvarende gir våre tilsette ut ope e-bøker i lag med CDF. På eige forlag gir NMHs tilsette ut lærebøker, rettleiarar, fagbøker og doktoravhandlingar. Alle kjem ut på digitale flater, som i Nasjonalt vitenarkiv. I 2025

kom det sju titlar ut i denne kanalen.

I eit internasjonalt perspektiv er Research Catalogue med å drive utviklinga innanfor publisering av resultat frå kunstnarleg utviklingsarbeid. På denne heildigitale plattformen blir såkalla eksposisjonar med tekst, bilde, video og lyd i multimediale utformingar delt. Vi publiserte åtte eksposisjonar her i fjor. Utøvande masterstudentar leverer også deler av sine masteroppgåver i denne portalen.

Debatter om kunst, kultur og musikk knytt til overordna tema som samfunn, klima, KI og beredskap har vore på agendaen gjennom året. I mars inviterte vi forfattar Maja lunde og fleire politikarar med i panelsamtale om kva musikk og kunst kan bidra med i møte med klimakrise og andre store utfordringar. Like før stortingsvalet stilte vi så spørsmålet om politikarane våre forstår kva kunst og kultur betyr for menneska, med økonomen PierLuigi Sacco som gjest. Den siste samtalen trekte over 200 publikummarar.

Forskingssentra ved NMH har alle gjennom publisering, prosjektleiing og arrangement gjennomført eit omfattande formidlingsarbeid. Det er stor breidd i ulike aktivitetar og arenaer, mellom anna føredrag og presentasjonar, kurs, bidrag i media, arrangerte festivalar og konferansar, workshopar og meisterklassar, og tverrfagleg forskning og internasjonalt samarbeid.

NMH har ei svært brei formidling av høg kvalitet. Innføringa av dei strategiske midla og eit innleiande arbeid med å etablere FoU-grupper har ført til ei rekke nye aktivitetar, og neste fase i dette arbeidet er å strukturere og prioritere mellom all den gode aktiviteten som finst. Dette er ei oppgåve NMHs nyoppretta formidlingsutval er i gang med.

MÅL 3 – Gjere NMH meir synleg i samfunnet og styrke forståinga av musikken og kunstens betydning i menneskelivet

Framføring av musikk og formidling av kunnskap om musikk er ein integrert del av det vi driv med på NMH. Gjennom året har både studentar og tilsette ei lang rekke konsertar på mange ulike arenaer, for eit breitt spekter av tilhøyrarar. Vi er på store konsertscener, men òg i fengsel, på sjukehus eller på skular, til dels langt utanfor Oslo. Prosessar og

resultat innan forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid blir aktualisert i mange kanalar, og i tillegg har vi dei siste åra tatt NMH i bruk som samtale- og debattarena i større grad enn før.

Tiltak 13 – Styrke NMHs stemme i samfunnet ved deltaking i offentlege ordskifte og gjere tydeleg at studentar og tilsette har mandat og høve til å ytre seg offentleg gjennom musikk og kunst, FoU-formidling og meningsutveksling.

Formidling og meningsutveksling i media og på digitale flater er i tillegg til personlege nettverk stadig det mest sentrale for omdømet til NMH i inn- og utland. Internasjonalt retta prosjekt og den europeiske universitetsalliansen IN.TUNE er òg viktige for profileringa. Vi finn dagleg presseoppslag om NMH i nasjonale media i 2025, og meir enn annakvar veke meningsartiklar eller debattinnlegg signert studentar eller medarbeidarar frå NMH. Det er på nivå med året før med om lag 30 artiklar: Khrono har i 13 saker skrivne om ønska frå UH-toppene, om skulepengar, val, kyrkjemusikkkløftet, studentdemokrati og internasjonal rangering. I NRK er NMH på lufta om budsjettkutt, formidling og beredskap. Ballade, Aftenposten, Kommunal rapport, Klassiskmusikk.com, og samarbeidsparter som Den norske kyrkja og NMHs eigne nettsider er òg kanalar for ytringar frå høgskolen. NMH nyttar ikkje konsulentar til slik omdømmebygging.

NMH sine nettsider har stødig og svært høg trafikk (1.012.516 sidevisningar og 401.479 besøk i 2025), og det er ei jamn auke av følgjarar i NMHs sosiale kanalar. Til dømes låg Facebook, med 18.000 følgjarar, 2,8 millionar visningar, derav 2,4 millionar ubetalte, i 2025. Instagram hadde 1 million visningar, kor nesten alt var ubetalt, utan spons. Dette var ei auke 22 % frå 2024. Det er ikkje ressursar til å starte opp nye kanalar, som til dømes SnapChat og TikTok.

Dei større, strategiske FoU-prosjekta om KI (*MishMash*), klima (*Glacier Lamentations*), musikk og helse (*DemenskorOslo*) og mangfald (*Balanseprosjektet*) kjem godt til syne i informasjonsarbeidet, og no også til dømes på LinkedIn – kanalen som starta opp på nytt på NMH i 2025.

I nasjonale samanhengar var Musikkhøgskolen godt synleg under Arendalsveka, mellom anna i ein debatt om kulturell boikott og på Kulturytring Drammen, med eit musikkinnslag. I tillegg

var NMH medarrangørar av *KRAFT-konferansen* om grunnskole og musikk, eit symposium om KI og kreativitet og eit seminar om Hip-hop i høga-re musikkutdanning. Saman med eit seminar om musikk og helse og podkasten *Mellom slaga* viser desse aktivitetane noko av mangfaldet på NMH.

Tiltak 14 – Utarbeide ein understrategi for formidling og gjenopprette formidlingsutvalet.

Formidlingsutvalet blei oppnemnd i august 2025. Formidlingsutvalet skal fremje god og heilskapleg formidling i ulike kanalar og styrke samspelet mellom ulike formidlingsaktivitetar ved NMH. Utvalet skal òg støtte og vere pådrivar for at NMH skal nå formidlingsmåla i strategisk plan. Utvalet har fått innspel frå eksterne aktørar frå ulike sektorar og med ulik kunst- og musikkfagleg bakgrunn, og har gjennomført ei kartlegging av formidlingskanalar og aktivitetar som har gitt ei viktig ramme og eit innleiande kunnskapsgrunnlag for arbeidet.

Tiltak 15 – Arbeide politisk for å sikre og styrke finansiering og verdsetting av kunstnarleg utviklingsarbeid i sektoren, nasjonalt og internasjonalt.

Gjennom 2025 har NMH følgd opp spørsmålet om ei nasjonal finansieringsordning for kunstnarleg utviklingsarbeid etter at Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU) blei avvika i 2023. Ei utgreiing om saka blei overlevert Kunnskapsdepartementet i 2024 og våren 2025 støtta eit fleirtal i forskings- og utdanningskomiteen på Stortinget at ei ny ordning burde bli oppretta under Noregs forskingsråd. Som leiar av det fagstrategiske organet for kunst, design og arkitektur, var rektor hausten 2025 òg i møte med KD, og har signert fleire innlegg i Khrono om saka, sist saman med styreleiar i UHR. Arbeidet har heile vegen vore støtta av Universitets- og høgskolerådet sentralt og gjort i samråd med Noregs forskingsråd (NFR).

MÅL 4 – Studentar og tilsette skal bli utfordra, utvikle seg og trivast

NMH er ein institusjon der både studentar og tilsette trivst og får rom til å utvikle seg, viser både

den ferske arbeidsmiljøundersøkinga ARK og Studiebarometeret blant studentane. Der vi ser at vi har eit potensial for forbedring vil vi, i oppfølginga av ARK, legge ein plan for vidare oppfølging.

Vi lever i ei tid der politisk uro, krig og polarisering kan få verknad heilt inn i det daglege livet og politiske avgjerder ved institusjonen. Derfor har vi arbeid med å styrke fokuset på akademisk og kunstnarleg fridom, og eit trygt arbeids- og studiemiljø. I dei tilfella der debatt og verkemiddel har kome på spissen, har vi hatt ei dialogbasert tilnærming og understreka verdien av respekt og eit godt ytringsklima.

Vi ønsker å legge til rette for sterk medverking frå både studentar og tilsette og har tildelt studentdemokratiet nokre fleire middel enn tidlegare. Vi bygger kultur innanfrå med nyheitsbrev, Teams og fysiske møteplassar og har etablert det uformelle forumet *Rektoratprat* frå 2025 der alle er invitert til å diskutere aktuelle tema med toppleiinga. Vi har òg høg merksemd mot både fysisk og psykisk helse i eit arbeids- og studiemiljø prega av høge krav. Satsinga vår på musikarhelse er eit svar på dette.

Tiltak 16 – Gjennomføre ei heilskapleg organisasjonsevaluering som oppfølging av ny strategi.

Våren 2025 gjennomførte NMH ei organisasjons-evaluering med bistand frå konsultentselskapet Agenda Kaupang. Målet var å evaluere dagens organisering, roller og funksjonar. Eit sentralt spørsmål var om NMH er organisert på den mest føremålstenlege måten med tanke på å nå måla som er sette i vår nye strategiske plan *Musikk beveger*. Evalueringsprosessen har, i likskap med strategiprosessen, vore breitt anlagt og involvert heile organisasjonen. Hausten 2025 sette vi i gang eit arbeid der vi vurderte kva for område i dagens organisering vi ville føre vidare, og kva vi ville vurdere å justere eller endre.

Organisasjonsevalueringa peikar i retning av ein organisasjon der mykje fungerer, og der dei aller fleste av organisasjonen sine leveransar er svært gode. Arbeidsmiljøet er godt, og både tilsette, studentar og leiarar brenn for at NMH framleis skal halde høg kvalitet i kjerneoppgåvene.

Rapporten peikar likevel på nokre utviklingsbehov. Desse utviklingsbehova blir tekne vare på innanfor ramma av ein organisasjonsutviklings-

prosess som blei sett i gang hausten 2025, med fleire tiltak/underprosjekt der organiseringa av både den faglege verksemda og administrasjonen blir gjennomgått. Eit arbeid med ei tydeleggjering av roller, delegasjonar og mandat er òg sett i verk.

Tiltak 17 – Halde fram med å utvikle ein heil-skapleg personalpolitikk med betre system for oppstart og kursing av nye tilsette, vidare oppfølging av medarbeidarar, og reviderte etiske retningslinjer.

Personalpolitikken består av fleire område, mellom anna rekruttering, løn og kompetanse. I 2025 har vi evaluert meritteringsordninga som starta hausten 2024. Meritteringsordninga er ein del av kompetansopolitikken til NMH, og tilsette kan søke om å bli merittert undervisar anna kvart år. Neste frist er hausten 2026, og vi jobbar vidare med å sikre at ordninga treffer målgruppa enda betre, spesielt inn mot dei utøvande faga.

I 2025 har vi òg hatt merksemd på å få til eit godt introduksjonsprogram for nye tilsette. Dette har vi gjennomført to gongar sidan hausten 2025 – ein gong på norsk og ein gong på engelsk.

Revideringa av dei etiske retningslinjene for undervisningspersonell vil bli ferdig fram mot summaren 2026.

Tiltak 18 – Ferdigstille fagleg stillingsplan i dialog med fagmiljøa med tanke på framtidig musikk-arbeidsliv, lovverk og økonomiske rammer.

Fagleg stillingsplan blei vedtatt av styret 3. juli 2025. Stillingsplanen har to delar. Del ein gir føringer basert lovar og reglar, og del to viser ei detaljert oversikt over ressursbehovet innan dei ulike fagområda.

Fagleg stillingsplan eit viktig dokument for styringa av NMH. Fagleg stillingsplan skal:

- Gi grunnlag for realistisk og langsiktig planlegging av bemanning på institusjonsnivå og for den enkelte fagseksjon.
- Gi grunnlag for realistisk budsjettering innan gjeldande og forventede økonomiske rammer.
- Gi nødvendig fleksibilitet til å kunne tilpasse studieportefølje, FoU-innsats og bemanning til endra behov, og til endringar i økonomiske rammevilkår.
- Avklare nokre prinsipielle høve rundt til dø-

mes stillingskategoriar, kompetansenivå, bruk av åremål og andre midlertidige tilsetningar.

- Sikre rimeleg likebehandling på tvers av fagområda og fagseksjonar.

Kvaliteten og omdømet til NMH blir mellom anna ivareteke gjennom rekruttering av høgt kvalifisert arbeidskraft. NMH får framleis svært godt kvalifiserte søkarar når vi lyser ut stillingar. Samstundes ser vi at det høge kostnad- og lønsvivået i Noreg kan vere ei utfordring når det gjeld å rekruttere dei aller beste.

Tiltak 19 – Halde fram med å utvikle fleire tiltak for ei grønare og meir berekraftig verksemd, i tråd med miljøfyrtaårsertifiseringa og ny hovudstrategi.

Sjå kapittel 4. Kunnskapdepartementet krev frå alle statlege verksemdar i fellesføringane rapportering på systematisk og heilheitleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

Tiltak 20 – Halde fram arbeidet med å kartlegge behov for eigna spesialrom og produksjonsareal i vår verksemd, og jobbe vidare med tilfredsstillande alternativ for nye arealløysingar.

I utviklingsavtalen 2023–2026 mellom Kunnskapsdepartementet og NMH blir arealsituasjonen ved NMH omtala slik: *NMH har over tid hatt ein auke i studenttalet med om lag 60 %. I tillegg har aktiviteten auka gjennom stipendiatstillingar og eksternt finansiert verksemd, og ein ventar at denne aktiviteten vil auke ytterlegare på desse områda dei næraste åra. Det er derfor naudsynt å få på plass ei tilfredsstillande arealløysing for framtida. I tillegg til talet på studentar og tilsette har auka, handlar arealbehovet òg om at produksjonsformene i musikklivet har endra seg og skapt nye behov som ikkje er tilfredsstillande dekkja i dagens lokale.* Dette er følgd opp gjennom eit konkret handlingspunkt for avtaleperioden: Finne ei langsiktig, berekraftig løysing på arealbehovet, og sette i verk tiltak for optimal utnytting av dagens areal.

I 2025 sette vi i verk fleire tiltak for å oppgradere og utnytte eksisterande areal på ein meir formålstenleg måte. Mellom anna har vi oppgradert biblioteket og tilhøyrande møterom, lesesalar og kontor. Vi har òg oppgradert eit pauserom. Sa-

man med samlokaliseringa av administrasjonen og oppgradering av administrasjonslokala i 2024 sikrar vi slik betre tilpassing mellom moderne arbeidsformer og det fysiske arbeidsmiljøet. Tiltaka har vore ein del av NMH sin investeringsplan, saman med tiltak knytte til oppgradering av utstyr og instrument. Musikkhøgskolen har stor slitasje på utstyr og instrument, og eit kontinuerleg behov for å fornye og vedlikehalde den eksisterande utstyrs- og instrumentparken.

NMH har lenge arbeidd med sikte på ei langsiktig, permanent utviding av areala for å dekke behovet som har oppstått gjennom ein monaleg auke i talet på studentar og tilsette også etter at 2. hus blei teke i bruk i 2007. Vi manglar formålstenlege areal for fleire av aktivitetane. Desse behova kan heller ikkje løysast ved å inngå kortsiktige leigeavtalar i nærliggande bygg, då store delar av verksemda stiller krav til akustikk og lydisolering – om lag 80 % av arealet blir rekna som slike spesialareal.

Dei fagleg tilsette ved NMH arbeider med lyd både i undervisning, førebuing til undervisning og eige FoU-arbeid, og studentane bruker òg mykje tid på overomma, langt meir enn på lesesalen. Aktiviteten er altså av ein natur som i liten grad eignar seg for heimekontor eller landskapsløysingar.

NMH har derfor i 2025 arbeidd vidare med å legge grunnlaget for ei permanent løysing på arealbehovet, innanfor nøkterne rammer. Statsbygg leverte si konseptvalutgreiing i januar 2021, og ekstern kvalitetssikring av konseptvalutgreiinga blei ferdigstilt i januar 2022. I samråd med departementet har NMH engasjert Statsbygg for ei mindre tilleggsutgreiing for å følgje opp, som etter opphavgleg plan skulle liggje føre hausten 2023. Arbeidet er blitt forlenga fordi det har dukka opp eit interessant alternativ som inneber moglegheit for leige eller overtaking av delar av NRKs lokale på Marienlyst når NRK flyttar ut, etter planen i 2029. Eit slikt alternativ vil inngå i tilleggsutgreiinga, som vil ligge føre tidleg i 2026. Dei delane av NRKs lokale som er aktuelle, er svært godt eigna for NMHs verksemd, både ved at dei teknisk sett allereie oppfyller dei strenge akustiske krava som gjeld for areal til NMH, og fordi dei ligg svært nær NMHs eksisterande lokale. Dette vil dermed kunne vere ei berekraftig fornuftig løysing, med gjenbruk av lokale som allereie er godt tilpassa NMHs behov, og innanfor gangavstand til resten av lokala.

KOMMENTARAR
KNYTT TIL TALA

Gjennomføring på bachelor og master

Gjennomføringa på både bachelor- og masternivå har gått noko ned frå 2024. På bachelornivå ligg gjennomføringa noko over landsgjennomsnittet på 50,15 %, medan ho på masternivå ligg omtrent på landsgjennomsnittet. Sidan opptaksrammene er relativt låge, kan få studentar til eller frå gi forholdsvis store utslag i prosenttala.

Det er ikkje éi enkelt årsak som peikar seg ut som særleg viktig for at gjennomstrøyminga ikkje er høgare. Vi merkar oss likevel at mange masterstudentar får redusert progresjon som følge av inntreden i arbeidslivet. Vi ser òg at stadig fleire studentar får innvilga individuell tilrettelegging, noko som i dei fleste høve inneber nedsett studieprogresjon.

NMH har òg noko fråfall, men dette er merkbart lågare enn landsgjennomsnittet både på bachelor (16,5 % mot 24,5 %) og master (1 % mot 13 %). Dette tyder på at studentane ved NMH fullfører utdanninga si, sjølv om nokre brukar litt lengre tid.

Gjennomføringing på ph.d.

Gjennomføringa på ph.d.-nivå held fram med å utvikle seg i ei svært ønskeleg retning. Grepa som er tekne, mellom anna endringar i forskrift, studieplan og tiltak for å styrke tilhøyrsla til fagmiljøa for stipendiatane, ser ut til å ha god effekt.

Skår på studiekvaliteten

Resultata frå Studiebarometeret 2025 viser at studiekvaliteten ved NMH held eit høgt nivå. Den overordna tilfredsheita har auka til 4,4, som er klart over landsgjennomsnittet på 4,0. Studentane er særleg nøgde med undervisninga og det faglege og sosiale læringsmiljøet, der NMH skårar høgt og ligg over nasjonalt nivå på dei fleste område.

Samtidig peikar undersøkinga på noko lågare motivasjon og mindre bruk av organiserte læringsaktivitetar samanlikna med året før. Bachelorstudentane er gjennomgåande meir nøgde enn masterstudentane, som særleg rapporterer lågare tilfredsheit med administrativ tilrettelegging.

Samla sett viser resultata at NMH leverer utdanning av høg kvalitet, med sterke faglege miljø og

engasjerande undervisning, samstundes som det er rom for vidare utvikling innan motivasjon, organisering og oppfølging av masterstudentar.

Inntekter til forskning per fagleg årsverk

Inntekter til forskning per fagleg årsverk har hatt ein marginal oppgang i 2025, både når det gjeld inntekter frå Forskringsrådet og annan BOA. Det er likevel langt igjen til nivået i 2022. Nedgangen i inntekter frå 2023 kan vi forklare med avsluttinga av to store forskingsprosjekt. Forskingsmiljøa ved NMH er små og har ikkje nødvendigvis kapasitet til å drive store prosjekt samstundes som dei byggjer opp nye. Det blir arbeid aktivt med å skrive søknadar og etablere nye prosjekt, noko som vil gi positive utslag på inntektene i 2026. Når det gjeld reduksjonen i andre bidrags- og oppdragsinntekter, har nedlegginga av Program for kunstnarleg utviklingsarbeid hatt stor betydning.

Kvinneandel i dosent- og professorstillingar

Kvinneandelen i dosent- og professorstillingar ligg på eit stabilt nivå. Ved rekruttering på fagområde der det er låg kvinneandel, leiter fagmiljøa etter kvalifiserte kvinner som blir oppfordra til å søke.

TILDELTE MIDDEL FRÅ
KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

NMH fekk tildelt middel innafor den no avvikla ordninga *Kompetanse for kvalitet til studiet Musikk 1, 11.–13. trinn*—Pedagogisk utviklingsarbeid for musikk lærarar i vidaregåande skole og kulturskole med verknad frå og med hausten 2023. Tildelinga gjaldt for to år, med opsjon på eitt år ekstra. Opsjonen blei løyst inn for studieåret 2025/2026 grunna innfasing av nytt og heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling for lærarar og andre tilsette i barnehage og grunnsopplæring. Tildeling vi har fått over kap. 226, post 22 i 2025 var ein halvårsverknad frå hausten 2025, og har gått til å vidareføre vidareutdanninga nemnd over.

Studiet inngår ikkje i grunnlaget for resultatbasert uttelling, og vi tar heller ikkje eigenbetaling for studiet. Vidareutdanninga gir totalt 30 studiepoeng over eitt studieår. Ni av ni studentar fullførte vidareutdanninga våren 2025. Sju studentar starta på vidareutdanninga hausten 2025.

NØKKELTAL


	2022	2023	2024	2025
Andel bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid ⁽¹⁾	73,0 %	54,4 %	61,0 %	57,14
Andelen studentar på master som gjennomfører på normert tid	64,6 %	53,5 %	61,3 %	54,64
Andelen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år	33,3 %	40,0 %	80,0 %	87,5%
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten ⁽²⁾	4,2	4,1	4,2	4,4
Bidragsinntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk	17,9	4,2	3,7	4,3
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	93,6	73,1	33,5	39,9
Andel kvinner i dosent- og professorstillingar ⁽³⁾	34,6 %	32,7 %	33,5 %	35,4 %
Andel kvinner på førstestillingsnivå	28,0 %	33,0 %	32,8 %	32,5 %

(1) Det nasjonale styringsparametret er gjennomføring på normert tid på 3-årige bachelorprogram. NMHs tal er henta frå DBH og viser gjennomføring på normert tid for 4-årig bachelorprogram.

(2) Skår av fem moglege.

(3) Tal henta frå DFØ innsikt

Årsverk faglege tilsette (faste, åremål og midlertidige) for 2022-2025 (tal for heile år)



04 – STYRING OG KONTROLL

DEL 1 – RAPPORTERING OM STYRING OG KONTROLL

Risikovurdering – måloppnåing og verksemdsstyring

NMH vurderer følgande forhold som dei mest sentrale risikofaktorane for måloppnåing, og for å oppretthalde institusjonen si rolle som ein nasjonalt leiande og internasjonalt akta utdanningsinstitusjon.

1. Areal	
Risikovurdering	Høg risiko (strategisk og operativ)
Utfordringsbilde	Dagens arealsituasjon inneber utilstrekkeleg tilgang til eigna lokale for øving, undervisning og FoU-verksemd.
Moglege konsekvensar	– Redusert kvalitet i undervisning og kunstnarleg utviklingsarbeid – Avgrensa moglegheiter for samarbeid og prosjektutvikling – Svekt trivsel blant studentar og tilsette – Potensielt omdømetap
Tiltak og oppfølging	Arbeidet med å etablere ei langsiktig og føreseieleg arealøysing har høgaste prioritet i leiinga. Det blir arbeidd parallelt med kortsiktige avbøtande tiltak og langsiktig planlegging fram mot 2030.
2. Ekstern finansiering	
Risikovurdering	Moderat til høg risiko (strategisk)
Utfordringsbilde	Avgrensa tilgang til relevante finansieringsordningar for kunstnarleg utviklingsarbeid gjer det krevande å auka omfanget av eksternfinansiert aktivitet.
Moglege konsekvensar	– Avgrensa vekst i forskings- og utviklingsaktivitet – Redusert handlingsrom i budsjettprioriteringar – Svekka konkurransekraft over tid
Tiltak og oppfølging	Forskingadministrasjonen er styrkt med ei fast stilling med særskilt ansvar for prosjektutvikling og søknadsstøtte innan kunstnarleg utviklingsarbeid. Det er sett i gang eit arbeid med ein samla strategi for auka eksternfinansiering.
3. Rekruttering til studia	
Risikovurdering	Moderat risiko (strategisk)
Utfordringsbilde	Samla sett er søkartala tilfredsstillande, men nokre studietilbod har sårbar rekruttering.
Moglege konsekvensar	– Redusert kvalitet og fagleg breidde – Svekt berekraft i einskilde studieprogram
Tiltak og oppfølging	Det er gjennomført målretta justeringar i rekrutteringsstrategien, inkludert styrkt synleggjering av prioriterte studietilbod.

4. Teknologisk utvikling	
Risikovurdering	Moderat risiko (operativ og strategisk)
Utfordringsbilde	Den raske teknologiske utviklinga stiller krav til kontinuerleg kompetanseutvikling og investeringar. For ein liten institusjon kan tilgang på spesialisert kompetanse vere avgrensa.
Moglege konsekvensar	– Manglande utnytting av teknologiske moglegheiter – Auka sårbarheit i administrative og faglege støttefunksjonar
Tiltak og oppfølging	Prioritering av kompetanseutvikling, strategiske investeringar og vurdering av samarbeid eller deling av ressursar der dette er føremålstenleg.
5. Kapasitet og arbeidsbelastning	
Risikovurdering	Moderat til høg risiko (operativ)
Utfordringsbilde	Omstillingsprosessen i 2023/2024 reduserte ressursbruken gjennom færre undervisningsveker, redusert timelærarbruk og nedbemanning i administrasjonen.
Moglege konsekvensar	– Auka arbeidsbelastning – Risiko for redusert kvalitet – Auka sjukefråvær og utfordringar i arbeidsmiljøet
Tiltak og oppfølging	Situasjonen blir følgd tett gjennom styringsdialog internt, dialog med student- og arbeidstakarorganisasjonane og jamleg handsaming i AMU. Det blir gjort laupande prioriteringar for å sikre forsvarleg balanse mellom aktivitet og ressursar.
6. Geopolitiske forhold	
Risikovurdering	Moderat risiko (strategisk), med potensial for auka risiko på lengre sikt.
Utfordringsbilde	Urolege og endra geopolitiske rammevilkår kan påverke internasjonal mobilitet, samarbeid og rekruttering. Dette kan på sikt redusere tilfanget av internasjonale studentar og tilsette.
Moglege konsekvensar	– Redusert internasjonal breidde og mangfald – Svekt fagleg kvalitet og læringsmiljø – Avgrensa tilgang til internasjonale partnerskap og prosjekt
Tiltak og oppfølging	Deltakinga i den europeiske universitetsalliansen IN.TUNE er eit sentralt strategisk verkemiddel. Gjennom alliansen blir det lagt til rette for styrkt samarbeid om utdanning, forskning, formidling og mobilitet for studentar og tilsette i Europa. Dette bidreg til å oppretthalde og vidareutvikle den internasjonale dimensjonen i verksemda, også i ein meir krevjande geopolitisk situasjon. Utviklinga blir følgd tett som del av institusjonen si strategiske risikovurdering.

DEL 2 – RAPPORTERING PÅ ANDRE FORUTSETNINGER OG KRAV

Systemet for styring og kontroll

NMH følger dei grunnleggjande styringsprinsippa i staten, jf. §4 i økonomireglementet, og følger krava i økonomireglementet §§ 4 og 14 og punkt 2.4 om internkontroll. Vi har internkontrollsystem for økonomi, personalprosessane og anskaffingar tilpassa NMHs verksemd. Systemet er bygd opp med policydokument, retningslinjer og oversikt, og vi gjennomfører og dokumenterer periodekontrollar. Fullmaktsversikta blir oppdatert jamnleg, og vi oppdaterer tilgangar og roller når folk begynner og sluttar.

Rekneskap og budsjett følger vi opp kvar månad, og presenterer i tertialrekneskapen til styret med forklaringar på eventuelle avvik.

Resultats- og rekneskapsinformasjonen er relevant og påliteleg. Vi fører eit internrekneskap som gir oss eit godt grunnlag for å planlegge og kontrollere aktivitetar på ulike nivå gjennom året. Internrekneskapen omfattar dimensjonane budsjetteining/kostnadsstad, formål og prosjekt. Fullmaktsversikta vår er knytt direkte til dimensjonane, slik at vi har kontroll på kven som har bestillerfullmakt, attestasjonsfullmakt og budsjett disponeringssmyndigheit. Medarbeidarar som skal ha ei av desse oppgåvene får opplæring.

Det er ikkje avdekt styringssvikt, og internkontrollen blir dokumentert gjennom månadlege kontrollar og periodeavslutningar. Totalt bidrar internkontrollsystemet etter vår vurdering til at NMH overheld lovar og reglar, og at vi gjennomfører drifta effektivt utan vesentlege avvik.

Årsrekneskapen for NMH viser ingen vesentlege høve som er utanfor Kunnskapsdepartementets føringar og rammer, og vi har ingen merknader frå Riksrevisjonen knytt til avlagt årsrekneskap.

Vi har starta eit arbeid med å sjå på heile verksemdstyringa, inkludert risikostyring, for å forenkle, forbetre og bevisstgjere interne styringsprosesser. Vi legg DFØs rettleiing til grunn som metode. Arbeidet er ikkje fullført og vil fortsette i 2026 og dekke heile verksemdstyringa, mellom anna personvern, beredskap med meir.

Andre vesentlege høve departementet må kjenne til

I 2023 gjekk NMH gjennom ein større omstillingsprosess som skulle sikre betre balanse mellom budsjett og aktivitet. Den faglege aktiviteten og undervisninga blei i størst mogleg grad skjerma, men dette innebar ein nedgang i ressursbruken både på fagleg og administrativ side. Dette har ført til at vi no er inne i ei budsjettmessig forsvarleg utviklingsbane. Vi må likevel følge nøye med og kontinuerleg prioritere mellom gode tiltak og prosjekt. Dette er krevjande, fordi auka ressursbruk og innsats på enkelte område på sikt kan bidra til betre kvalitet, større relevans og styrkt finansiering av kunstnarleg utviklingsarbeid og forskning.

Vi planlegg òg for ein situasjon der vi får auka utgifter til leige av areal og investeringar i utstyr og instrument, jf. våre ambisjonar om å finne ei lang-siktig løysing på arealbehova våre før 2030.

NMH har ikkje hatt ein dramatisk nedgang i den statlege løyvinga. Samstundes ser vi at kostnadene knytte til arbeidskraft og utstyr aukar, og at vi ikkje fullt ut blir kompenserte for dette. Å auke inntektene og den eksternfinansierte verksemda er difor eit uttalt mål. Dette er krevjande sidan det finst få finansieringskjelder for kunstnarleg utviklingsarbeid. Ein strategi på dette området er under utarbeiding.

Systematisk arbeid for å redusere klimagass-utslepp, naturfotavtrykk og energibruk

NMH ser på musikkopplevingar som berekraftige i seg sjølv. Samstundes ser vi at fleire sider av kjerneaktiviteten gir eit klimaavtrykk, og ønsker betre miljøprestasjonane gjennom små og store initiativ. Flyreisene har gått ned sidan 2019 og stabilisert seg på nivået frå 2022. Samstundes er det omfattande reiseverksemd knytt til internasjonalt samarbeid, universitetsalliansar og forskingsprosjekt. Dette skapar dilemma mellom kostnadseffektivitet, klimautslepp og internasjonalt samarbeid.

NMH er sertifisert som Miljøfyrtårn fram til 2028, og har revidert klima- og berekraftspolitikk, gått gjennom styringsdokumenta i miljøleings-systemet og oppdatert med nye rutinar. Energiforbruket per kvadratmeter har gått ned sidan 2022. Statsbygg, som eig bygga, har gjennomført fleire energisparande tiltak som å skifte ut panelomnar, satt inn nye vindauge og justert ventilasjonssystemet.

Vi har fleire kjeldesorteringsstasjonar på heile campus, men vi har enno ikkje oppnådd målsettinga om 50 % sorteringsgrad. God avfallshandtering blir eit fokusområde framover.

Ei overordna utfordring i klima-, berekraft- og miljøarbeidet er å sette av nok personalressursar til å følge opp dei ambisiøse forventingane som ligg til alle verksemdar i UH-sektoren. NMH nyttar ulike roller utan spesifikk kompetanse på området for å dekke behovet for koordinering og prosjektleiing av klimaarbeidet.

Strategi 2035 legg vekt på klima og berekraft. Fleire musikkfaglege aktivitetar følger opp den strategiske intensjonen om å vere ein ansvarleg aktør som bidreg til kunnskap om klima gjennom undervisning og forskning. I tillegg sette vi i 2025 klima på dagsorden med ein debatt under overskrifta «Kultur for klima».

Tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting eller fråver frå arbeid eller utdanning
NMH følger dei statlege retningslinjene på dette feltet. Vi oppfordrar til at dei med funksjonsned-

setting eller anna søker. Vi har ikkje mottatt nokre slike søknadar i 2025, og det er derfor ingen tilsettingar innan denne kategorien.

Redusere konsulentbruken

NMH har eit medvite forhold til konsulentbruken i 2025. Vi må likevel akte at vi er ein liten høgskule med avgrensa ressursar til å vareta meir spesialiserte administrative oppgåver innan analyse og utgreiing. NMH har derfor m.a. valt å inngå ein rammeavtale innan juridisk rådgiving som vi nyttar som støttespelar i meir kompliserte juridiske spørsmål knytt til tilsetjingsforhold o.l.

Hovuddelen av konsulentbruken i 2025 var knytt til gjennomføringa av organisasjonsevaluering med bistand frå konsultentselskapet Agenda Kaupang. Organisasjonsevalueringa dannar utgangspunkt for ein organisasjonsutviklingsprosess som NMH vil gjennomføra med interne krefter.

NMH kjøper ikkje kommunikasjonstenester av byrå ut over bistand til teknisk støtte til drift av nettsider.

Oppfølging av Strategi for digital omstilling

Vi har i 2025 gått i gang med å skifte til eit nytt system for timeplan, eksamensplanlegging og rombestilling, kalla TP og Mine Studier. Dette skal gjere digital informasjon om undervisning meir tilgjengeleg for studentane og legge til rette for meir sjølvbetening.

NMH blei med i ei nasjonal arbeidsgruppe sette ned av HK-dir for å betre den digitale infrastrukturen innanfor internasjonale universitetsalliansar, for å sikre betre dataflyt og tilgjengelegheit mellom landa.

Samtidig deltek vi i fleire sektoranskaffingar av studieadministrative tenester som blir forvalta av Sikt. Det gjeld både eksamenssystem, plagiatkontroll og læringssystem (LMS)).

Sikkerheit og beredskap, informasjons-sikkerheit og personvern

Med avgrensa ressursar på dette området har vi i 2025 hatt fokus på IT-teknisk sikkerheit og opp-

læring: To e-læringskurs i digital sikkerheit for tilsette og eit kurs om personvern i forskning. Sikkerheit og personvern har òg vore tema både på møter i leiinga og i nokre av fagseksjonane.

Alle NMH-PC-ar er oppgraderte til Windows 11. Vi har etablert ei ny og tryggare VPN-løysing for tilgang utanfrå. Vi har òg aktivert to-faktor-autentisering på ein del kritiske tenester, og gått gjennom alle brukartilgangar. Vi har òg skaffa eit nytt system for handtering av avvismeldingar (*sei-frå-knappen*). SIKT og Fence as har skanna NMH sitt nett for sårbarheiter, og resultatane frå skanningane er særst gode. Det einaste registrerte avviket vi har for 2025, var i ei UH-sektorteneste levert av SIKT, og som betydde lite for NMH.

Årets beredskapsøving blei gjennomført i oktober med bistand frå Sikkerhetsledelse AS. Scenariet var ei digital hending som førte til at alle digitale tenester var nede over mange dagar. I tillegg til generell erfaring med å handtere ein krisesituasjon, kunne vi notere læringspunkt om organisering og kommunikasjon, kontinuitet og behovet for ein ikkje-digital plan B.

NMH vidarefører samarbeidet med Sikresiden.no, Fence as, Sikkerhetsledelse AS – og Cybersikkerheitssenteret, SIKT og personvern-tenesta til SIKT. Vi teikna òg ein ny beredskapsavtale med Sjømannskyrkja i oktober.

NMH har delteke i møter, samlinger og konferansar i UH-beredskapsnettverket og Kunnskapsdepartementet. Dette er svært nyttige møtepunkt med fagleg utbyte og eit godt innsyn i trusselbildet – både på nasjonalt nivå og på UH-sektornivå.

Teknologileverandørane satsing og utvikling på KI-feltet har vore veldig stor i 2025. NMH har ein KI-rettelær, som vi må vidareutvikle. Vi held oss informerte om vurderingar frå regjeringa sitt utval om kunstig intelligens i høgare utdanning – og om KI-forordninga og korleis den påverkar forskning og utdanning. NMH brukar KI-chatten til SIKT som har innebygd personvern.

Revisjon av planverk, styringssystem og leiingssystem har ikkje blitt tilstrekkeleg følgd opp i 2025. Systemoversikt, verdikartlegging/vurdering og beredskapsplanverket (inkl.ROS-matrise) har blitt reviderte, men styringsdokumentet, leiingssystemet, protokoll og personvernerklæringar, har ikkje blitt reviderte sidan seint 2024. Dette skal vi arbeide meir med framover.

Universell utforming

Som arrangør av konsertar og andre arrangement er NMH medlem av NKA (Norske kulturarangørar). I samband med det starta vi i 2025 ein prosess med autorisering og tildeling av «Tilgjengelegheitsmerket». Dette arbeidet held fram og blir fullført i 2026.

NMH organiserer arbeidet rundt universell utforming av digitale læremiddel gjennom ei styringsgruppe, ei arbeidsgruppe og uu-kontaktpersonar i alle seksjonar, men har utfordringar med å spreie kompetanse om universell utforming til alle jobbar nær studentane.

Vi har tidlegare gjennomført ei risikovurdering og har i 2025 arbeidd med ein revidert handlingsplan for arbeidet. Innsatsområda er mellom anna kommunikasjon og aktivisering av dei brukar-nære kontaktpersonane i verksemda. I 2024 fekk vi middel frå HK-dir for å heve kompetansen om universell utforming, og 2025 har vi brukt innsikta til å vidare legge til rette for kunnskapsspreiing mot fagmiljøa og bruk av digitale notetrykk i læringsplattforma Canvas.

På digitale tenester er NMH no godt skodt med kompetanse innomhus for årlige rapporteringar og oppfølging av UU i høve tilgjengerapporter til uu-tilsynet. Det blir år for år færre brester på universell utforming på NMHs nettsider. NMH held fram arbeidet med å nytte skjema som er UU-utforma, i hovudsak nyttar no alle tilsett og studentar «Nettskjema frå UiO».

Avsetninga

NMHs avsetning har bygd seg opp gjennom tid, og årsakene er samansette. Det skuldast usikkerheit knytt til rammevilkår på grunn av auka generelle kutt og løns- og prisvekst, samt behov for auka areal og nødvendige oppgraderingar.

NMH har nytta avsetninga til ombygging og fortetting av administrasjonslokala og biblioteket. Vidare er pauserom til fagleg tilsette pussa opp, konsertsalar, øvings- og undervisningsrom oppgradert, og det er investert i instrument, AV- og datautstyr m.m., som har bidratt til å understøtte verksemda på ein positiv måte.

05 – VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Vi lever i ei uroleg tid der presset på ressursane aukar. Korleis dette vil påverke utdanningane, forskinga og formidlingsarbeidet på Noregs musikkhøgskole er ikkje lett å spå. Vi er likevel overtydde om at musikk og musikkutdanning òg blir viktig i framtida.

I ei verd prega av krig, klimakrise, polarisering og aukande psykisk uheld lever mange menneske i konstant stress. Barn og unge veks opp med ein informasjonsstraum som sjeldan gir rom for pausar, fordjuping eller emosjonell handsaming. Forsking viser at musikk kan regulere stress, styrke konsentrasjonen og bidra til betre psykisk helse. Musikkutdanning gir difor ikkje berre estetiske ferdigheter og opplevingar, men lærer oss å lytte, samarbeide og regulere oss sjølve – grunnleggjande evner i eit samfunn under press (sjå også *Musikklandet* NoU 2025:7).

Kreativitet er ei avgjerande motkraft til frykt og kontroll. Medan urolege tider ofte fører til snevrare handlingsrom og auka standardisering, er musikken av natur det motsette: improvisasjon, skaparglede, fri tenking og samhandling. Eit samfunn som investerer i musikkutdanning, styrker evna til innovasjon og nytenking, byggjer levande fellesskap og eit samfunn som toler motgang.

NMH ønsker å utdanne menneske med høgt refleksjonsnivå, som er i stand til å ta gode estetiske og etiske val. Utdanningane handlar om å meistre eit fag og eit instrument, men òg om å utvikle seg som menneske gjennom kreativ utfolding, samspel og improvisasjon, øving, konsentrasjon og fordjuping, forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Høg kvalitet, tradisjon og nyskapande mangfald

Også framover vil vi på Musikkhøgskolen arbeide for å gi det norske samfunnet musikkfagleg kompetanse på høgt internasjonalt nivå, jf. mål 1 i

utviklingsavtalen. NMH har ein unik nasjonal posisjon som det største fagmiljøet den einaste sjølvstendige vitenskaplege høgskulen innan musikk. Dette opnar dører, og det inneber eit stort ansvar, der mange mindre aktørar ser oss som ei spydspiss i arbeidet med å fremje musikken si rolle og kraft i samfunnet.

Vi vil halde fram samarbeidet med andre musikkutdanningsinstitusjonar i Noreg og arbeidet for ei føremålstenleg arbeidsdeling og ivaretaking av små fag og fagmiljø. UHR sitt fagorgan for utøvande og skapande musikk (FUM) er ein viktig arena for strategiske drøftingar av studietilbod og FoU i eit nasjonalt perspektiv, inkludert tiltak for nasjonal arbeidsdeling. Gjennom det fagstrategiske organet for alle kunstutdanningane, UHR kunst design og arkitektur, vil vi òg arbeide vidare for felles interesser innan kunstfaga i stort.

Vi vil samtidig halde kvaliteten og spesialiseringa i utdanningane ved Musikkhøgskolen høgt heva, både innan fagområda der vi historisk sett har vore leiande og i utviklinga av nye studietilbod og emne. Vi er den einaste norske institusjonen som har nok studentar til å sette saman eit fullt symfoniorkester, der både utøvar- og dirigentstudentar høve til å bli kjent med både dei store, sentrale orkesterverka, norsk musikkarv og nyare musikk for orkester. Å forvalte denne tradisjonen er eit kjerneoppdrag, samtidig som det er ei utfordring er å syte for at også dette repertoaret – og musikk i mindre format innan klassisk, jazz, folkemusikk og andre sjangrar– blir utvida med verk frå andre delar av verda enn Europa, og med komponistar og utøvarar av fleire kjønn.

Auka mangfald både i sjangrar og tilfang av studentar blir særleg fremja gjennom dei frie bachelor- og masterstudia, men viljen til å utfordre vanetenking og fordomar skal merkast også i klassisk og nytt konsertrepertoar, i pensum og i

formidlinga ved heile NMH. Anten vi framover utvidar talet på plassar i dei frie studia eller byggjer sterkare fridom inn i andre studium, vil vi fremje slike dimensjonar i åra som kjem.

Ein sær s viktig nøkkel til større mangfald i studentmassen – sosialt, økonomisk og kulturelt – ligg i musikkfaget i grunnskolen. Berre der blir *alle* norske barn og ungdomar eksponert for musikkundervisning. Vi vil halde fram med å ta ansvar for å utdanne dyktige og allsidige musikk lærarar, drive fram relevant musikkpedagogisk forskning og arbeide politisk for styrking av kunstfaga i grunnskolen. Vi ønsker òg å ta enda større ansvar for kompetanseheving i grunnopplæringa ved å auke talet på studieplassar på praktisk-pedagogisk utdanning – som har gode søkartal – og å styrke etter- og vidareutdanningstilboda for musikk lærarar. Dette er i tråd med Stortingsmelding 34 (2023–2024), *Ein meir praktisk skule. Betre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn*, der dei praktiske og estetiske faga blir løfta fram som fag med særleg verdi for elevane si utvikling.

Eit anna kjerneelement i å skape framtidsretta og framifrå utdanningar på NMH er å stimulere til fleire gode koplingar mellom forskning, pedagogisk og kunstnarleg utviklingsarbeid og utdanning. Gjennom den nye handlingsplanen for FoU og eit system for FoU-grupper på tvers av fagmiljø og nivå, vil vi i enda meir aktivt enn i dag kople ulike former for musikalsk praksis, kunnskap og ekspertise. Ei ny stilling i FoU-administrasjonen er oppretta for å følgje opp dette og arbeid for auka ekstern finansiering. Slik vil vi halde på og styrkje posisjonen som leiande FoU-institusjon innan musikk, jf. mål 2 i utviklingsavtalen.

Internasjonale perspektiv

Musikkhøgskolen har fleire utvekslingsavtalar, bilaterale prosjekt og nettverk med institusjonar over heile verda som ligg langt framme på sine område, og der vi bidrar med våre ressursar.

Dei neste åra vil vi prioritere å vidareutvikle og utdjupe det innovative samarbeidet i den europeiske universitetsalliansen IN.TUNE. Etter den

første perioden, som varer ut 2027, siktar vi på anten ei forlenging av den eksisterande alliansen i to år, eller ein ny søknad for ein lengre periode. Alliansen bidrar til rik læring og utveksling mellom studentar og lærarar og plasserer oss i tillegg tettare på pulsen i europeisk utdanningspolitikk. I kraft av IN.TUNE får vi òg ein posisjon på vegner av musikk- og kunstutdanningane i EU. Mellom i alt 65 universitetsalliansar er vi den einaste bygd opp på desse fagområda.

I tillegg til alliansen med sju andre partnarar i IN.TUNE – i Wien, Beograd, Paris, Helsinki, Bucuresti, Barcelona og Haag – er NMH med i fleire globale prosjekt-nettverk. *International Benchmarking Group* samlar og samanliknar kjernedata og aktivitetar mellom liknande institusjonar frå Indiana til Bangkok og Sydney i tillegg til Europa, og fungerer som eit vitalt organ for politisk samråd og erfaringsutveksling mellom leiarar på ulike nivå. I ei stadig meir globalisering, vil NMH halde fram med å investere òg i slike nettverk.

Samstundes ser vi at det internasjonale arbeidet kan vere ressurskrevjande og at vi må ta gode strategisk grep for å fylle alle avtalane med aktivitet og innhald. Det er tydeleg at nokre av samarbeida har blitt meir krevjande med den meir ustabile geopolitiske politiske situasjonen. NMH vil difor utvikle ein handlingsplan for internasjonalsisering som vil gjere det meir tydeleg kor vi skal sette inn inn ressursane våre dei komande åra.

Rom for formidling og utvikling

I tråd med den første intensjonen i strategien og mål 3 i utviklingsavtalen, ser vi på NMH det som viktigare enn på lenge å tydeleggjere det musikk- og kunstutdanningane bidrar med i heile samfunnet. Musikk bygger fellesskap på tvers av kulturelle, språklege og politiske skiljeliner. Mellom stadig meir polariserte offentlege ordskifte treng vi arenaer der menneske ikkje først og fremst argumenterer, men lyttar og samhandlar. Musikkutdanning trenar samspel, respekt og ansvar for heilskapen – demokrati i praksis.

Formidlinga av kven vi er og kva vi gjer blir

slik endå meir sentralt for NMH. Aktivitetane våre bygger på relasjonar med ei rad eksterne aktørar og har potensial til å utforske, utfordre og forklare kunstens samfunnsfunksjon, internasjonalt, nasjonalt og lokalt. Som einfagleg institusjon er det òg så framover viktig å halde på spennet i samarbeidsrelasjonane våre: Frå demenskor i Oslo kommune og musikkpedagogiske prosjekt i Ål og Sør-Afrika til FoU om kunstig intelligens og eit vell av konsertar på scener rundt om i hovudstaden frå talentutviklings- til høgste ekspertnivå og smale kunstnarlege uttrykk.

Med tanke på det siste spesielt, vil vi halde fram med arbeidet for at den lovfesta aktiviteten kunstnarleg utviklingsarbeid skal få tilgang til ein ny og robust nasjonal konkurransearena for finansiering av slik verksemd. Dette vil kunne styrke i arbeidet som blir gjort på enkeltforskningsnivå, og stimulere nasjonale og internasjonale samarbeid, noko som trengst for å bygge innovasjon og eksellense på feltet. I tillegg vil det kunne sikre balansen mellom vitskapleg forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid på institusjonen og auke potensialet i samarbeid mellom kunst og vitskap for å løyse store samfunnsutfordringar, slik dette blir omtalt mellom anna i EU sine rammeprogram.

For å realisere ambisjonane på formidlingsområdet, i tillegg til mål 4 i utviklingsavtalen om at studentar og medarbeidarar skal utvikle seg og trivst, er vidare arbeid med campusutvikling og arealutviding stadig vitalt. Romsituasjonen for kunststipendiatar, FoU, intern formidling og offentleg konsertverksemd er aller mest på brestepunktet. Satsingar som prosjektet *MishMash* (sjå side 15) krev tilgang til større ensemblerom, laboratorium, lydstudio med spesialoppsett, arenaer for formidling og verkstader. Det er svært høgt trykk på dei tilgjengelege lokala, og situasjonen gjer at NMH i større grad en det som er bekræftig må leige lokale eksternt for å kunne tilby dei arbeidsforholda vi er forplikta til ved tilsetning og opptak.

Som omtalt under tiltak 20 vurderer vi alternativet med å gjenbruke delar av lokala etter

NRK på Marienlyst som svært føremålstenleg – både for NMH sine behov og i eit bydels- og be- rekraftsperspektiv. Med det vil vi òg kunne bidra til å at aksen frå forskingsparken via Blindern til Majorstua blir bygd sterkare opp som eit kunnskaps- og studieområde med kulturelle aktivitetar, slik eigedomsutviklar FERD, Oslo Science City og Studentsamskipnaden i Oslo ser føre seg.

Marienlyst-alternativet er òg så spennande i eit kulturhistorisk framtidsbilde. Institusjonane er sjølvstøtt ulike, men både NRK og Musikkhøgskolen har tradisjon for å forvalte og aktualisere nasjonal kulturarv og samtidig ligge i front innan teknologisk og kunstnarleg nyvinning. Ut frå ei klassisk kjerneverksemd – symbolisert ved Store Studio og Kringkastingsorkesteret hos NRK, Lindemansalen og orgelet på NMH – har vi bidratt til og vil styrke ei brei danning, kritisk refleksjon og demokratisk samspel, i tett kontakt med det internasjonale samfunnet vi er ein del av.

Vi vil kort sagt halde fram med å ta samfunnsoppdraget vårt på alvor, som heile Noregs musikkhøgskole.

BUDSJETT 2026

NMHs løyving frå KD
NMH har i tildelingsbrevet frå KD fått tildelt ei løyving på 345,2 mill. kroner. Tabellen viser endringar i rammeløyvinga frå 2025 til 2026:

Budsjettendringar 2025–2026	
Rammetildeling 2025	339 327
Kompensasjon for løns- og prisjustering, 3,6 %	12 216
Inndraging nye studieplassar 2020–2026	-2 927
Resultatbasert uttelling	-816
Reduksjon pga. omprioriteringar	-2 540
Meir effektive kontorlokale (andre endringar)	-32
Rammebevilgning KD 2026	345 228

Tabellen under viser budsjetterte endringar i inntekter og kostnader frå 2025 til 2026. Av budsjettekniske årsaker blir KD-inntekta vist med fråtrekk for investeringar, vidareføring av middel til andre institusjonar og avskrivningar:

	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Endring 2025–2026
Driftsinntekter			
Inntekt frå løyving	328 804	336 574	7 770
Bidrags- og oppdragsinntekter	12 610	12 087	-523
Drifts-, sals- og leigeinntekter	3 964	2 531	-1 433
Sum driftsinntekter	345 378	351 192	5 814
Driftskostnader			
Løn og sosiale kostnader	213 630	223 330	9 700
Andre driftskostnader	130 301	132 300	1 999
Avskrivningar	7 500	8 000	500
Sum driftskostnader	351 431	363 630	12 199
Resultat	-6 053	-12 438	-6 385

I tabellen betyr minus i resultat underskot. Tal i 1000 kroner.

Inntekter
Sum driftsinntekter er budsjettert til 351,2 mill. kroner, ein auke på 5,8 mill. kroner frå 2025. Inntektene er i all hovudsak samansette av KD-løyvinga, eksternt finansiert verksemd og noko drifts- og salsinntekter. I tildelingsbrevet for 2026 frå KD har NMH fått ei rammeløyving på 345,2 mill. kroner, ein netto auke på 5,9 mill. kroner. I tillegg får vi ei øyremærkt løyving på 0,953 mill. kroner til vidareutdanning for tilsette i grunnopplæringa. Planlagde investeringar er på 12,3 mill. kroner.

Studieplassinndraginga for 2020–2026 er på -2,9 mill. kroner, og resultatbaserte utteljingar er på -0,8 mill. kroner. Regjeringa legg til grunn ein prisstigingsrate på 3,6 % for 2026. Inndekking for satsingar i andre delar av sektoren gir eit kutt på -2,5 mill. kroner. I tillegg har NMH fått mindre kutt på 0,03 mill. kroner (sjå tabell over).

Inntekter frå eksternt finansiert verksemd er bereikna til 12,1 mill. kroner, ein nedgang på 0,5 mill. kroner frå 2025. NMH arbeider kontinuerleg med å auke talet på eksternt finansierte prosjekt og skal mellom anna delta i den store satsinga *Mish-Mash*, Senter for KI og kreativitet ved UiO. Tildelinga kjem som ein del av regjeringa si KI-milliard. Andre store prosjekt, som *IN.TUNE* og *Demenskor Oslo*, blir vidareførte i 2026. .

Kostnader
Totale driftskostnader er budsjettert til 363,6 mill. kroner for 2026, ein auke på 12,2 mill. kroner frå 2025.

Løn. Totale lønnskostnader er budsjettert til 223,3 mill. kroner, ein auke på 9,7 mill. kroner frå 2025. Hovudårsakene til auken er lønsoppgjjer, som er budsjettert til 4,0 % frå mai, og to nye stipendiatstillingar frå hausten i samband med prosjektet *MishMash*. Det er òg sett av middel til ei mellombels, administrativ stilling knytt til IN.TUNE, som skal finansierast av IN.TUNE-middel, og ei nyoppretta seniorrådgjevarstilling på FoU. I tillegg er det gjort enkelte endringar og justeringar på den faglege sida.

Andre driftskostnader. Andre driftskostnader er budsjettert til 132,3 mill. kroner, som er 2,0 mill. kroner meir enn i 2025. Husleiga til Statsbygg er bud-

sjettert med ein auke på 2,3 mill. kroner, og energikostnader er budsjettert på same nivå som i 2025.

Større tiltak og satsingar. Av større tiltak det er budsjettert med i 2026 kan vi nemne:

- Implementering av organisasjonsevalueringa, 0,5 mill. kroner
- *EPARM-konferansen 2026* (European Platform for Artistic Research in Music-konferansen), 0,5 mill. kroner.
- Implementering av tjenstedesign student-service, 0,5 mill. kroner
- Tilretteleggingstiltak for studentar, 0,1 mill. kroner
- Ny strategisk plan, pott på 1,5 mill. kroner til strategiske tiltak
- Digital førstelinje (PureService), 0,5 mill. kroner
- Tilgangskontroll (Salto/Lenel), 0,3 mill. kroner
- Reparasjonar av bil, 0,15 mill. kroner

Investeringar
Det er budsjettert med investeringar på til saman 12,3 mill. kroner i 2026. Det er sett av til saman 3,3 mill. kroner til instrumentkjøp og oppgradering av flygel, 6,0 mill. kroner til IT- og AV-utstyr, 2,2 mill. kroner til diverse konsertproduksjon og 0,9 mill. kroner til diverse drift.

Investeringsplan	2026
Instrument og utstyr	1 300
Oppgradering av flygel	2 000
IT-utstyr	1 500
AV-utstyr på undervisningsrom	4 500
Bytte av mobile fleirbrukshøgtalarar	300
Fire bevegelege lamper i Levinsalen	180
Hjelpemiddel for høyrsllehemma i Lindeman- og Levinsalen	135
Ekstra GigaAce-kort og stageboksar til Dilve-miksarar	55
Utsifting trådlause mikrofonar til salane	1 500
Dampkjelar	500
Pultar, hev/senk-bord, låsbare skap og kontorstolar	250
Solskjerming	120
Sum	12 340

06 – ÅRSREKNESKAP 2025

LEIARKOMMENTARERER TIL ÅRSREKNESKAPEN PER 01.12.2025

Norges musikkhøgskole (NMH) er ein statleg, vit-skapleg høgskule underlagt Kunnskapsdeparte-mentet (KD). Høgskulen er Noregs leiande institu-sjon for høgare utdanning i musikk.

1. Prinsipp og usikkerheitsmoment

Rekneskapen er avlagt i samsvar med reglane for økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansde-partementet, dei statlege rekneskapsstandarda-ne og krav frå overordna departement.

Rekneskapen gir etter leiinga si vurdering eit dekkande bilde av NMHs disponible inntekter og aktivitet, samt eigedelar og gjeld pr. 31.12.2025. NMHs revisor er Riksrevisjonen.

2. Hovudtrekk ved NMHs verksemd i 2025

I 2025 er det gjennomført ordinære aktivitetar inn-an studiar, FoU, formidling og internasjonalt sam-arbeid i samsvar med vedtekne planar, tildelings-brevet for 2025 og gjeldande utviklingsavtale. Det blei i tillegg jobba med å implementere NMHs nye strategiske plan for perioden 2025–2035, og det blei fordelt middel til 15 ulike strategiske tiltak i 2025.

NMH har dei siste åra investert i mellom anna om-bygging av administrasjonslokala, og i 2025 vart ei større ombygging av delar av bibliotekområdet ferdigstilt i desember. Oppgraderinga av pause-rommet for faglege tilsette blei ferdig i løpet av hausten. Det same gjeld oppgraderinga med ny miksar i lydstudioet. Dei ulike investeringane har ført til ein planlagt reduksjon av NMHs avsetning. Det er fleire avvik både på inntekts- og kostnads-sida jamfør det periodiserte budsjettet, men re-sultatet er i tråd med den planlagde aktiviteten. Den økonomiske situasjonen til NMH blir framleis vurdert som tilfredsstillande.

3. Gjennomføring av budsjettet for 2025

Driftsinntekter. Samla driftsinntekter utgjorde 344,8 mill. kroner i 2025, mot 331,5 mill. kroner i 2024, ein auke på 13,3 mill. kroner (4,0 %). Inntek-ter frå løyvingar auka med 7,7 mill. kroner frå 2024. Årsakene til auken i inntekter frå løyvingar er ein auke på 4,9 mill. kroner i rammeløyving frå KD, 0,5 mill. kroner til vidareutdanning for lærarar i grunn-opplæringa, ein auke på 1,4 mill. kroner i avskrivin-gar og 1,2 mill. kroner i oppløysing av forplikting knytt til nedskriving av UH-sak. Det er investert for 20,1 mill. kroner, som er på same nivå som i 2024. Auken i investeringar jamfør opphavleg budsjett skuldast hovudsakleg at ombygginga av bibli-oteket blei meir omfattande enn først planlagt, ein auke som blei godkjent av styret 12.06.25 og 16.10.25.

Ekstern finansiering utgjorde 14,5 mill. kroner, 2,3 mill. kroner meir enn budsjett og 3,6 mill. kroner meir enn i 2024. Prosjekt som Balanseprosjektet, Demenskor Oslo og IN.TUNE-alliansen blir vidare-ført i 2026.

Driftskostnadar. Totale driftskostnadar utgjorde 353,4 mill. kroner, 1,9 mill. kroner meir enn budsjett og 21,2 mill. kroner meir enn i 2024 (6,4 %).

Lønnskostnadane var på 212,0 mill. kroner, 1,6 mill. kroner mindre enn budsjett og 12,3 mill. kroner meir enn i 2024 (6,1 %). Årsaka til auken er hovudsakleg lønsoppgjeret, men òg noko høgare aktivitet, mel-lom anna i samband med strategiske prosjekt.

Andre driftskostnadar (ekskl. avskrivningar) var 132,6 mill. kroner i 2025, 7,5 mill. kroner meir enn i 2024 (6,0 %), og 2,3 mill. kroner meir enn budsjett. Inklusert i driftskostnadane er motposten til nedskri-

vinga av UH-sak på 1,2 mill. kroner. Det har i 2025 vore avvik jamfør budsjett på fleire område, mellom anna ein auke til generell drift. Vi ser òg at kostna-dane til digitaliseringsprosjekt via Sikt stadig aukar. Det er òg gjennomført ei organisasjonsevaluering, som skal vere eit kunnskapsgrunnlag i ein organi-sasjonsutviklingsprosess som vil gå i 2026.

Investeringar. I 2025 er det investert for til saman 20,1 mill. kroner mot eit opphavleg budsjett på 13,4 mill. kroner. Styret gav i løpet av 2025 tilslutning til å auke potten for ombygging av biblioteket med 8,0 mill. kroner, frå 4 til 12 mill. kroner.

Investeringane i 2025 gjaldt hovudsakleg om-bygging av bibliotekarealet i 2. etasje., oppussing av pauserommet for fagleg tilsette, slutføring av oppgradering av orgla, kjøp av instrument, IT-ut-styr/datamaskinar, bevegelege frontlyskastarar i Lindemansalen og ny miksar til lydstudioet. Opp-gradering av undervisnings- og øverom blei ikkje gjennomført då Statsbygg tok mykje av kostna-dene her.

Investeringsplanen for perioden 2026–2029 blei vedteke av styret 11.12.2025 i samband med årsplan og budsjett for 2026. I 2026 er det planlagt investeringar på til saman 12,3 mill. kroner. Det er

avsett middel til kjøp av nye flygel, AV-utstyr på un-dervisningsrom, utskifting av trådlause mikrofonar til salane, årlege investeringar til instrument, IT-ut-styr/datamaskinar mv.

Investeringar som er planlagt avrekna mot avset-ninga, går fram av note 15.


Resultat. Det var ein auke i samla inntekter på 13,3 mill. kroner, medan sum driftskostnader auka med 21,2 mill. kroner samanlikna med 2024. Til saman gav dette eit negativt resultat på 8,6 mill. kroner, mot eit budsjett negativt resultat på 6,1 mill. kroner.

Avsetning. Pr. 31.12.2025 er NMHs avsetning redu-sert til 27,9 mill. kroner, og utgjer 8,0 % av KD-tilde-linga for 2025.

Det er forventa at NMHs avsetning vil bli redu-sert med 12,4 mill. kroner pr. 31.12.2026, noko som hovudsakleg er eit resultat av eit investeringsbud-sjett på 12,3 mill. kroner. Avsetninga vil då utgjere 15,5 mill. kroner, som tilsvarar 5,0 % av KD-løyvinga for 2026.

Investeringsplanen blir følgd opp løpande, og revi-dert investeringsplan er planlagt behandla av sty-ret i desember 2026.

Investeringar	2026	2027	2028	2029	Sum	Sum i note 15*
Instrument og utstyr	3 300	1 500	1 500	1 500	7 800	3 300
IT-utstyr	1 500	3 700	1 700	1 700	8 600	1 500
Lyd-, lys og AV-utstyr	6 670	4 050	800	500	12 020	6 187
Diverse drift	870	0	0	0	870	0
Sum	12 340	9 250	4 000	3 700	29 290	10 987



Avsetningar til andre formål og investeringar frå KD	Løyving for 2025	Avsetning pr. 31.12.2025 i kr	Avsetning pr. 31.12.2025 i pst.
Avsetningar til andre formål	339 718	16 960	5 %
Avsetningar til investeringar	339 718	10 987	3 %
Sum avsetningar frå KD	339 718	27 947	8 %

Leiarkommentarar og årsrekneskap for 2025, inkludert forslag til disponering av middel i note 15, er godkjent av styret 05.03.2026.


Astrid Kvalbein


Marianne Marthinsen


Inga Bostad


Stein Bjelland


Knut Skansen


Roger Arntzen


Marianne Beate Kielland


Karette Annie Stensæth


Ingrid Holst Sollie


Elise Sløgedal


Ola Ur Sæbo

RESULTATREKNESKAP

Beløp i 1000 kroner	Note	31.12.2025	31.12.2024
Driftsinntekter			
Inntekt frå løyvingar	1	324 602	316 861
Inntekt frå tilskot og overføringar	1	14 461	10 846
Sals- og leigeinntekter	1	4 418	3 299
Andre driftsinntekter	1	1 283	500
Sum driftsinntekter		344 764	331 505
Driftskostnader			
Lønskostnader	2	211 985	199 726
Avskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigendeler	4,5	8 804	7 378
Nedskrivningar av varige driftsmiddel og immaterielle eigendeler	4,5	1 198	0
Andre driftskostnader	3	131 369	125 023
Sum driftskostnader		353 356	332 127
Driftsresultat		-8 593	-622
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	27	32
Finanskostnader	6	56	79
Sum finansinntekter og finanskostnader		-29	-47
Resultat av aktivitetar i perioden		-8 622	-669
Avrekningar og disponeringar			
Avrekning løyvingsfinansiert aktivitet (nettobudsjeterte)	15 I	9 237	669
Disponering av periodens resultat (til verksemdskapital)	15 I	-615	0
Sum avrekningar og disponeringar		8 622	669

BALANSE — EIGENDELAR

Beløp i 1000 kroner	Note	31.12.2025	31.12.2024
A. Anleggsmiddel			
I Immaterielle eigendelar			
Programvare og liknande rettar	4	18	86
Immaterielle eigendelar under utføring	4	0	1 198
Sum immaterielle eigendelar		18	1 285
II Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annen fast eigedom	5	42 294	31 618
Driftsløsyre, inventar, verkøy og liknande	5	42 520	41 820
Sum varige driftsmiddel		84 814	73 438
III Finansielle anleggsmiddel			
Sum finansielle anleggsmiddel		0	0
Sum anleggsmiddel		84 832	74 722
B. Omløpsmiddel			
I Lager av varer og driftsmateriell			
Sum lager av varer og driftsmateriell		0	0
II Fordringar			
Kundefordringar	13	1 746	983
Andre fordringar	14	21 021	18 157
Sum fordringar		22 767	19 141
III Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot på konsernkonto i Noregs Bank	17	86 672	104 096
Andre bankinnskot	17	1 880	24 034
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		88 552	128 130
Sum omløpsmiddel		111 319	147 271
Sum eiendeler		196 151	221 993

BALANSE — GJELD OG KAPITAL

Beløp i 1000 kroner	Note	31.12.2025	31.12.2024
C. Statens kapital			
I Verksemdskapital			
Sum verksemdskapital		0	0
II Avrekningar			
Avrekna løyingsfinansiert verksemd (nettobudsjetterte)	15 I	27 947	36 569
Sum avrekningar		27 947	36 569
III Utsett inntektsføring av løyving (nettobudsjetterte)			
Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	4, 5	84 832	74 722
Sum utsett inntektsføring av løyving (nettobudsjetterte)		84 832	74 722
Sum statens kapital		112 779	111 291
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktingar			
Sum avsetning for langsiktige forpliktingar		0	0
II Annen langsiktig gjeld			
Sum annen langsiktig gjeld		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		35 000	36 049
Skuldig skattetrekk og andre trekk		11 669	9 494
Skuldig offentlege avgifter		7 243	6 936
Avsette feriepengar		18 623	16 720
Ikkje inntektsført tilskot og overføringar (nettobudsjetterte)	15 II	3 520	3 602
Mottatt forskotsbetaling	16	770	1 684
Annen kortsiktig gjeld	18	6 547	36 217
Sum kortsiktig gjeld		83 372	110 702
Sum gjeld		83 372	110 702
Sum statens kapital og gjeld		196 151	221 993

PRINSIPPNOTE – SRS

Generelt

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med gjeldende statlege rekneskapsstandardar (SRS).

Alle rekneskapstal er oppgitt i 1000 kroner dersom ikkje anna er særskilt opplyst.

Nytta rekneskapsprinsipp

Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot blir resultatført etter prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at inntekt frå løyvingar og tilskot blir resultatført i takt med at aktivitetane som er finansierte av desse inntektene blir utførte, det vil seie i same periode som kostnadene blir påløpte (motsett samanstilling).

Løyvingar som er gitt i tildelingsbrev, blir inntektsførte på balansedagen dersom aktiviteten som løyvinga skulle finansiere, er gjennomført, sjølv om dette gir eit positivt resultat. Løyvingar knytt til konkrete oppgåver og investeringar som ikkje er gjennomført på balansedagen, blir klassifiserte som ikkje inntektsførte løyvingar og presenterte i del III i note 15.

Overskot frå løyvingfinansiert aktivitet er presentert som *Avrekna løyvingfinansiert aktivitet* i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskot frå statlege etatar, Noregs forskingsråd og andre som ikkje er nytta på balansedagen, er presenterte som anna kortsiktig gjeld på rekneskapslinja for ikkje inntektsførte tilskot og overføringar i balanseoppstillinga. Tilsvarande gjeld for gåver.

Den delen av inntekt frå løyvingar og liknande som blir nytta til å skaffe immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel som blir balanseført, blir ikkje inntektsført på anskaffingstidspunktet, men avsett i balansen på rekneskapslinja for statens finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel.

I takt med kostnadsføringa av avskrivingar på immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel, blir eit tilsvarande beløp inntektsført frå avsetninga. Periodens inntektsføring frå avsetninga blir resultatført som inntekt frå løyvingar. Dette medfører at kostnadsførte avskrivingar inngår i verksemda sine driftskostnader utan å påverke resultatet.

Inntekter frå transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter blir resultatførte når dei er opptente. Sal av varer blir inntektsført på leveringstidspunktet når risiko og kontroll er overførte til kjøparen. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Kostnader

Utgifter knytt til transaksjonsbaserte inntekter blir kostnadsførte i same periode som tilhøyrande inntekt. Utgifter som er finansierte med inntekt frå løyvingar, tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er brukte.

Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemdar skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK).

Vi har resultatført arbeidsgivardelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ei innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemdar. Frå 1. januar 2022 betaler verksemda ein verksemdsspesifikk hendingbasert arbeidsgivardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, betyr at den blir berekna ut frå den enkelte verksemda sine høve, ikkje for grupper av verksemdar samla. At den er hendingbasert, betyr at den tek omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsmassen i verksemda, slik at premiereserven er ajour i høve til medlemmet sin opptening. Medlemsandelen på to prosent av lønsgrunnlaget er uendra.

Leigeavtalar

Vi har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og vesentlege eigedelar som verksemda disponerer. Med varige eigedelar meiner ein eigedelar med utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Med

vesentlege eigedelar meiner ein eigedelar med anskaffingskostnad på kr 50 000 eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til anskaffingskostnad fråtrekt avskrivingar. Kontorinventar, datamaskiner og anna IKT-utstyr med utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare blir balanseført. Bruk av egne tilsette til utvikling av programvare blir kostnadsført.

Investeringar i aksjar og andelar

Investeringar i aksjar og andelar er balanseførte til kostpris på anskaffingstidspunktet. Investeringar i aksjar og andelar blir vurderte til den lågaste verdien av balanseført verdi og verkeleg verdi. Dette gjeld både langsiktige og kortsiktige investeringar. Mottatt utbytte og andre utdelingar blir resultatførte som anna finansinntekt.

Aksjar og andelar som er skaffa med dekning i løyving over 90-post, og aksjar skaffa før 1. januar 2003, og som blei overførte frå gruppe 1 til gruppe 2 frå 1. januar 2009, har motpost i *Innskoten verksemdskapital* i avsnittet CI Verksemdskapital i balanseoppstillinga. Aksjar og andelar som er finansierte av overskot frå eksternt finansiert oppdragsverksemd, har motpost i Opptent verksemdskapital. Dette gjeld både langsiktige og kortsiktige investeringar.

Klassifisering og vurdering av omløpsmiddel og kortsiktig gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som fell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel blir vurderte til den lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Lager av varer og driftsmateriell

Lager omfattar varer for sal og driftsmateriell som blir brukt i, eller utgjør ein integrert del av, verksemda si offentlege tenesteyting. Innkjøpte varer er verdsette til anskaffingskost ved bruk av metoden først inn, først ut (FIFO). Lager av varer blir verdsett til den lågaste av anskaffingskost og netto realisasjonsverdi. Lager av driftsmateriell blir verdsett til anskaffingskost.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventata tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta blir vurderte til kursen ved utgangen av rekneskapsåret. Noregs Banks spotkurs per 31.12 er lagt til grunn.

Statens kapital

Statens kapital utgjør nettobeløpet av verksemda sine eigedelar og gjeld. Statens kapital består av verksemdskapital, avrekningar og utsett inntektsføring av løyvingar (nettobudsjetterte). Universitet og høgskular kan berre tene verksemdskapital innanfor si oppdragsverksemd. Ein del av midla som blir opptente innanfor oppdragsverksemd, kan først tilbake og inngå i verksemda sine tilgjengelege middel til dekking av drift, anskaffingar eller anna innanfor institusjonen sitt formål.

Statens finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel

Avsetninga statens finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel viser inntekt frå løyvingar og tilsvarande som er nytta til anskaffing av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel.

Kontantstraumsoppstilling

Kontantstraumsoppstillinga er utarbeidd etter den direkte metoden tilpassa statlege verksemdar.

Statlege rammevilkår

Sjølvasstranderprinsipp

Staten opererer som sjølvasstrander. Difor er det ikkje inkludert postar i balansen eller resultatrekneskapen som skal reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Statens konsernkontoordning

Statlege verksemdar er omfatta av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjort opp mot verksemda sine oppgjerskontoar i Noregs Bank.

Verksemda blir tilført likviditet gjennom året i samsvar med utbetalingsplan frå overordna departement og disponerer ein eigen oppgjerskonto i konsernkontoordninga i Noregs Bank. Denne kontoen blir ikkje renteberkna. Nettobudsjetterte verksemdar beheld likviditeten ved utgangen av året.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Beløp i 1000 kroner	31.12.2025	31.12.2024
Kontantstraumar frå driftsaktivitetar		
Innbetalingar		
innbetalningar av løyving frå fagdepartementet (nettobudsjetterte)	339 718	334 208
innbetalningar frå sal av varer og tenester	4 392	3 864
Innbetalingar frå tilskot og overføringar	14 379	9 952
innbetaling av refusjoner	5 172	3 496
andre innbetalingar	0	450
Sum innbetalingar	363 661	351 970
Utbetalingar		
utbetalningar av løn og sosiale kostnader	218 472	200 582
utbetalningar for kjøp av varer og tenester	134 966	121 604
utbetalningar av skatter og offentlege avgifter	-5	3
andre utbetalingar	29 665	19 502
Sum utbetalingar	383 098	341 690
Netto kontantstraum frå driftsaktivitetar*	-19 437	10 280
Kontantstraumer frå investeringsaktivitetar		
utbetalningar ved kjøp av immaterielle eigendelar og varige driftsmiddel (-)	-20 112	-20 149
innbetalningar av renter (+)	27	32
utbetalningar av renter (-)	-56	-79
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-20 141	-20 196
Kontantstraumer frå finansieringsaktivitetar		
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	0	0
Kontantstraumer knytt til overføringar		
Netto kontantstraum knytt til overføringar	0	0
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar (+/-)	-39 578	-9 916
Lager av kontantar og kontantekvivalentar ved starten av perioden	128 130	138 046
Lager av kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden	88 552	128 130

*Avstemming	31.12.2025	31.12.2024
avrekning av løyvingfinansiert aktivitet	-9 237	-669
disponering av periodens resultat (til verksemdskapital)	615	0
ordinære avskrivningar	8 804	7 378
nedskrivning av anleggsmiddel	1 198	0
avsetning utsette inntekter (tilgang anleggsmiddel)	-20 112	-20 149
endring i statens finansiering av immaterielle eigendelar og varige driftsmiddel	10 109	12 771
endring i kundefordringar	-762	-477
endring i leverandørgjeld	-1 050	2 741
endring i ikke inntektsført tilskot og overføringar	-82	-894
poster klassifisert som investerings- og finansieringsaktivitetar	20 141	20 196
endring i andre tidsavgrensingsposter	-29 062	-10 617
Netto kontantstraum frå driftsaktivitetar*	-19 437	10 280

Prinsippnote for løyvingsoppstilling

Årsrekneskapen for statlege forvaltningsorgan med særskilde fullmakter til bruttoføring utanfor statsbudsjettet (nettobudsjetterte verksemder) er utarbeidd og avlagt etter nærare retningslinjer i føresegnar om økonomistyring i staten. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegnar i Finansdepartementets rundskriv R-115 og tilleggskrav fastsett av Kunnskapsdepartementet.

Verksemda er tilknytt statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med føresegnene punkt 3.7.1. Nettobudsjetterte verksemder får løyvinga frå Kunnskapsdepartementet innbetalt på sin bankkonto. Lager på verksemdas oppgjerskonto i Noregs Bank blir overførte til nytt år.

Løyvingsoppstillinga omfattar perioden frå 1. januar til den aktuelle balansedagen.

Løyvingsoppstillingas del I viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i samsvar med tildelingsbrev og kva utbetalningar som er registrerte i statens konsernkontosystem. Utbetalningane er knytt til og avstemte mot tildelingsbrevane og er sett opp etter inndelingane Stortinget har fastsett for budsjettet og dei spesifikasjonane som er oppgjevne i tildelingsbrevane.

Løyvingsoppstillingas del II omfattar det som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldo og likvidrørslar på verksemda si oppgjerskonto og andre kontoar i Noregs Bank. Behaldningane rapporterte i likvidrapporten er avstemte mot statens konsernkontosystem og andre behaldningar i Noregs Bank.

Løyvingsoppstillingas del III viser alle finansielle eigedelar som verksemda er ført opp med i statens kapitalrekneskap. Behaldningane i statens kapitalrekneskap er baserte på at transaksjonane er førte med verdien på betalingstidspunktet. Verdien på balansedagen er sett til historisk kostpris på transaksjonstidspunktet.

OPPSTILLING AV LØYVINGSRAPPORTERING FOR NETTOBUDSJETTERTE VERKSEMDER PR. 31.12.2025

Beløp i 1000 kroner

Del I

Samla tildeling i samsvar med tildelingsbrev

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samla tildeling
260	Universiteter og høyskoler	50	Statlege universitet og høyskoler	339 208
226	Kvalitetsutvikling grunnopplæring	22	Videreut. Lærar og skoleleiarar	510
Samla sum på kapittel og poster under Kunnskapsdepartementet (programområde 07)				339 718
Sum tildelingar på andre kapittel og poster i statsbudsjettet				0
Sum tildelingar i alt				339 718

Del II

Lager rapportert i likvidrapport

Oppgjørskonto i Norges Bank	Note	Regnskap 31.12.2025
Inngående saldo på oppgjørskonto i Noregs Bank	17	104 096
Endringar i perioden (+/-)		-17 424
Sum utgåande saldo oppgjørskonto i Noregs Bank	17	86 672

Del III

Lager på konti i kapitalrekneskapen

	Note	31.12.2025	31.12.2024	Endring
Oppgjørskonto i Noregs Bank	17	86 672	104 096	-17 424

NOTE C OVERSIKT OVER BINDING PÅ FRAMTIDIGE ÅRS LAYVINGAR

Avtaler om leige av lokale til kontor-, undervisnings- og forskingsformål

Gjenstående varigheit per 31.12.	Årleg leigebe løp	Av neste års løyving	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varighelt over 5 år	68 293 000	70 000 000	855 000 000	925 000 000
Totalt	68 293 000	70 000 000	855 000 000	925 000 000

Andre vesentlege leigeavtaler

Gjenstående varigheit per 31.12.	Årleg leigebe løp	Av neste års løyving	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Totalt	0	0	0	0

Viktige avtaler om kjøp av tenester**

Gjenstående varigheit per 31.12.	Årleg leigebe løp	Av neste års løyving	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varighelt 1–5 år	5 336 000	5 336 000	7 472 000	12 808 000
Totalt	5 336 000	5 336 000	7 472 000	12 808 000

**Viktige avtaler om kjøp av tenester gjeld reinhald og vakthold

NOTE 1 SPESIFIKASJON AV DRIFTSINNTEKTER

Beløp i 1000 kroner	31.12.2025	31.12.2024
Inntekt frå løyving frå Kunnskapsdepartementet		
Periodens løyving frå Kunnskapsdepartementet	339 718	334 208
- brutto benytta til investeringsformål/varige driftsmiddel av periodens løyving / driftstilskot (-)	-20 112	-20 149
+ utsatt inntekt frå forplikting knytt til investeringar (avskrivingar) (+)	8 804	7 378
+ utsatt inntekt frå forplikting knytt til investeringar (nedskrivingar) (+)	1 198	0
- periodens tilskot til andre (-)	-5 007	-4 577
Sum inntekt frå løyvingar frå Kunnskapsdepartementet	324 602	316 861
Tilskot og overføringar frå statlege etatar		
Periodens tilskot/overføring frå andre statlege etatar	1 853	3 494
Periodens netto tilskot frå andre statlege etatar	1 853	3 494
Periodens tilskot/overføring direkte frå Noregs forskingsråd (NFR)	628	521
Periodens netto tilskot frå NFR	628	521
Sum tilskot og overføringar frå statlege etatar	2 481	4 015
Tilskot til annan løyvingsfinansiert aktivitet		
Periodens tilskot/overføring frå kommunale og fylkeskommunale etatar	2 450	412
Periodens tilskot/overføring frå organisasjonar og stiftingar	232	250
Periodens tilskot/overføring frå andre bidragsytarar	329	313
Periodens netto tilskot/overføring frå diverse bidragsytarar	3 011	975
Periodens tilskot/overføring frå EU til undervisning og anna	8 969	5 856
Periodens netto tilskot/overføring frå EU til undervisning og anna	8 969	5 856
Sum tilskot til annan bidragsfinansiert aktivitet	11 980	6 831
Inntektsførte gáver		
Sum inntektsførte gáver	0	0
Sum inntekt fra tilskot og overføringar (linje RE.3 i resultatrekneskapen)	14 461	10 846

Beløp i 1000 kroner	31.12.2025	31.12.2024
Oppdragsinntekter, sals- og leigeinntekter		
Inntekt frå oppdragsfinansiert aktivitet1)		
Statlege etatar	1 001	274
Sum inntekt frå oppdragsfinansiert aktivitet	1 001	274
Andre sals- og leigeinntekter		
Boksal, utleige arbeidskraft, sal av tenester og konferanseavgifter	1 331	870
Hus / framlegjeinntekter og andre leigeinntekter	396	254
Studieavgift for studentar frå land utanfor EØS og Sveits	1 690	1 900
Sum andre sals- og leigeinntekter	3 417	3 024
Sum sals- og leigeinntekter (linje RE.5 i resultatrekneskapen)	4 418	3 299
Andre driftsinntekter		
Øvrige andre inntekter 1	1 283	500
Sum andre driftsinntekter (linje RE.6 i resultatrekneskapen)	1 283	500
Gevinst ved sal av eigedom, anlegg, maskinar mv.1)		
Gevinst ved sal av eigedom, anlegg og maskinar mv. (linje RE.6 i resultatrekneskapen)	0	0
Sum driftsinntekter	344 764	331 505

NOTE 2 LØNSKOSTNADAR

	31.12.2025	31.12.2024
Del I Beløp i 1000 kroner		
Løn	156 978	146 350
Feriepengar	19 680	17 439
Arbeidsgivaravgift	25 910	24 409
Pensjonskostnader	13 606	14 514
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-5 441	-3 954
Andre ytingar	1 252	968
Sum lønskostnader	211 985	199 726
Antall utførte årsverk	215	206

Del II		
Løn til leiande personar	Løn 2025	Løn 2024
Astrid Kvalbein - rektor	1 292 322	1 177 530
Kristel Mari Jæger Skorge - administrerande direktør	1 449 156	1 333 098

Styrehonorar til styremedlemar	Styrehonorar i 2025	Styrehonorar i 2024
Sætre Jon Helge	60 800	115 800
Kvidal Håkon	60 800	107 200
Orning Tanja	60 800	99 800
Rintelen Miriam	99 700	115 800
Bjelland Stein	125 500	115 800
Ohm Cecilie	60 800	115 800
Bolstad Inga	125 500	115 800
Samdal Svein Tore	51 800	115 800
Fougner-Økland Idun Gabrielle	60 800	61 600
Pedersen Arian	0	61 600
Rune Rebne	0	8 600
Sløgedal Elise	60 800	54 200
Sæbø Ola Ur	125 500	54 200
Peerson Ivar	9 000	0
Marthinsen Mariann	64 700	0
Skansen Knut	51 800	0
Arntzen Roger	64 700	0
Kielland Marianne Beate	64 700	0
Stensæth Karette	64 700	0
Are Turmo	21 900	0
Lucie Lou Camps	12 900	0
Ingrid Holst Sollie	25 800	0
Peter Herresthal	12 900	0

NOTE 3 ANDRE DRIFTSKOSTNADAR

	31.12.2025	31.12.2024
Beløp i 1000 kroner		
Husleige	69 276	69 576
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	547	154
Andre kostnader til drift av eigendom og lokale	10 789	10 174
Reparasjon og vedlikehald av maskinar, utstyr mv.	382	1 192
Mindre utstyrsanskaffingar	5 672	4 191
Leige av maskinar, inventar og liknande	2 734	3 193
Kjøp av andre konsulenttenester	4 989	3 719
Kjøp av andre framande tenester	16 651	14 884
Reiser og diett	8 672	7 686
Øvrige driftskostnader	11 658	10 255
Sum andre driftskostnader	131 369	125 023

Tilleggsinformasjon om operasjonelle leigeavtaler		
	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	Sum
Varigheit over 5 år	68 293	68 293
Kostnadsført leigebetaling for perioden	68 293	68 293

NOTE 4 IMMATERIELLE EIGENDELAR

Beløp i 1000 kroner	Programvare og Immaterielle eigen-liknande rettar delar under utføring		Sum
Anskaffelseskost pr. 31.12.2024	417	1 198	1 615
+ tilgang i 2025 (+)	0	0	0
- avgang til anskaffelseskost i 2025 (-)	-76	0	-76
+/- frå eigendel under utføring til annan gruppe (+/-)	0	0	0
Anskaffelseskost 31.12.2025	341	1 198	1 540
- akkumulerte nedskrivingar pr 31.12.2024 (-)	0	0	0
- nedskrivingar i 2025 (-)	0	-1 198	-1 198
- akkumulerte avskrivingar pr. 31.12.2024 (-)	-331	0	-331
- ordinære avskrivingar i 2025 (-)	-68		-68
+ akkumulert avskriving ved avgang i 2025 (+)	76	0	76
Balanseført verdi 31.12.2025	18	0	18

NOTE 5 VARIGE DRIFTSMIDDEL

Beløp i 1000 kroner	Bygninger og annan fast eigedom	Driftslauseøyre, inventar, verktøy o.l.	Sum
Anskaffingskost pr. 31.12.2024	36 977	165 856	202 833
+ andre tilgangar i 2025 (+)	13 423	6 688	20 112
- avgang anskaffingskost i 2025 (-)	-36	-59 278	-59 314
Anskaffingskost 31.12.2025	50 365	113 266	163 630
- akkumulerte avskrivningar pr. 31.12.2024 (-)	-5 359	-124 036	-129 395
- ordinære avskrivningar i 2025 (-)	-2 747	-5 988	-8 736
+ akkumulert avskrivning ved avgang i 2025 (+)	36	59 278	59 314
Balanseført verdi 31.12.2025	42 294	42 520	84 814

NOTE 6 FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADAR

Beløp i 1000 kroner	31.12.2025	31.12.2024
Finansinntekter		
Valutagevinst (agio)	27	32
Sum finansinntekter	27	32
Finanskostnader		
Rentekostnad	37	5
Valutatap (disagio)	19	74
Sum finanskostnader	56	79

NOTE 8 INNSKOT OG OPPTENT VERKSEMDSKAPITAL

Beløp i 1000 kroner	
<i>Innskot verksemdskapital:</i>	Beløp
Innskot verksemdskapital 31.12.2025	0
<i>Bunde opptent verksemdskapital:</i>	
Bunde opptent verksemdskapital 31.12.2025	0
Innskote og bunde opptent verksemdskapital 31.12.2025	0
<i>Anna opptent verksemdskapital:</i>	
Underskot løyvingfinansiert aktivitet belasta anna opptent verksemdskapital (-)	-615
Overført frå resultatet i perioden	615
Anna opptent verksemdskapital 31.12.2025	0
Sum verksemdskapital 31.12.2025	0

NOTE 12 LAGER AV VARER OG DRIFTSMATERIELL

Beløp i 1000 kroner	31.12.2025	31.12.2024
Anskaffingskost		
Sum anskaffingskost	0	0
Ukurans		
Sum ukurans	0	0
Sum lager av varer og driftsmateriell	0	0

NOTE 13 KUNDEFORDRINGAR

Beløp i 1000 kroner	31.12.2025	31.12.2024
Kundefordringar til pålydande	1 746	983
Sum kundefordringar	1 746	983

NOTE 14 ANDRE KORTSIKTIGE FORDRINGAR

Beløp i 1000 kroner	31.12.2025	31.12.2024
Forskotsbetalt løn	25	-36
Personallån	0	15
Andre forskotsbetalte kostnader	18 034	17 269
Andre fordringar	2 962	908
Sum andre fordringar	21 021	18 157

NOTE 16 OPPTENTE, IKKJE FAKTURERTE INNTEKTER/MOTTATT FORSKOTSBETALING

Del I:		
Beløp i 1000 kroner	31.12.2025	31.12.2024
Opptente, ikkje fakturerte inntekter		
Sum opptente, ikkje fakturerte inntekter	0	0
Del II:		
Beløp i 1000 kroner	31.12.2025	31.12.2024
Mottatt forskotsbetaling		
Oppdragsfinansiert aktivitet - statlege etatar1)	0	544
Andre prosjekt2)	770	1 140
Sum mottatt forskotsbetaling	770	1 684

NOTE 17 BANKINNSKOT, KONTANTAR OG LIKNANDE

Beløp i 1000 kroner	31.12.2025	31.12.2024
Innskot statens konsernkonto (nettobudsjetterte verksemdar)	86 672	104 096
Øvrige bankkontoar	1 880	24 034
Sum bankinnskot og kontantar	88 552	128 130

NOTE 18 ANNA KORTSIKTIG GJELD

Beløp i 1000 kroner	31.12.2025	31.12.2024
Skuldig løn	2 591	3 044
Avsetning for lønsoppgjeret 2024*	0	3 708
Oppsamla kostnader	-3 334	809
Anna kortsiktig gjeld	7 289	28 657
Sum	6 547	36 217

NOTE 15 AVREKNING STATLEG OG LØYVINGSFINANSIERT AKTIVITET MV.

Del I: Inntektsførte løyvingar

Beløp i 1000 kroner	Avsetning 31.12.2025	Overført frå verksemds- kapital	Avsetning 31.12.2024	Endring i perioden
Kunnskapsdepartementet				
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte driftsoppgåver				
Sum konkrete påbegynte, ikkje fullførte driftsoppgåver	0		0	0
Vedtatte, ikkje igangsette driftsoppgåver				
Sum vedtatte, ikkje igangsette driftsoppgåver	0		0	0
Vedtatte, ikkje igangsette investeringsprosjekt				
Ombyggingstiltak NMH	0		5 500	-5 500
Lyd-, lys- og AV-utstyr	6 187		0	6 187
IT-utstyr	1 500		0	1 500
Instrumemt og utstyr	3 300		0	3 300
Sum vedtatte, ikkje igangsette investeringsprosjekt	10 987		5 500	5 487
Påbegynte investeringsprosjekt				
IT-utstyr	0		1 109	-1 109
Lyd-, lys- og AV-utstyr	0		13 250	-13 250
Sum påbegynte investeringsprosjekt	0		14 359	-14 359
Andre føremål				
Avsetning til reserve 5%	16 960		16 710	250
Sum andre føremål	16 960		16 710	250
Sum Kunnskapsdepartementet	27 947		36 569	-8 622
Andre departement og finansieringskjelder				
Sum andre departement og finansieringskjelder	0		0	0
Sum avrekna løyvingsfinansierte aktivitet (nettobudsjetterte)	27 947		36 569	-8 622
Tilført frå annan verksemdskapital		-615		-615
Resultatført endring av avsett andel av tilskot til bidrags- og løyvingsfinansierte aktivitet				-9 237

Del II: Ikkje inntektsførte tilskot, bidrag og gáver

	Avsetning 31.12.2025	Avsetning 31.12.2024	Endring i perioden
Statlege etatar (unntatt NFR og RFF)			
Ikkje inntektsført tilskot frå statlege etatar (Unntatt NFR og RFF)	303	930	-627
Sum andre statlege etatar (unntatt NFR og RFF)	303	930	-627
Noregs forskingsråd			
Ikkje inntektsført tilskot frå NFR	-628	-123	-506
Sum Noregs forskingsråd	-628	-123	-506
Regionale forskingsfond			
Sum regionale forskingsfond	0	0	0
Andre bidragsytarar			
Kommunale og fylkeskommunale etatar	737	188	550
Organisasjonar og stiftingar	98	30	68
Øvrige andre bidragsytarar	22	28	-7
EU tilskot/tildeling til undervisning og andre formål	2 988	2 549	439
Sum andre bidrag	3 845	2 795	1 051
Sum andre bidrag, tilskot og overføringar	3 845	2 795	1 051
Sum ikkje inntektsførte tilskot og bidrag	3 520	3 602	-82
Gáver			
Sum gáver	0	0	0
Sum ikkje inntektsførte tilskot og overføringar	3 520	3 602	-82
Sum fordringar knytt til tilskot og overføringar	746	779	0
Del III: Ikkje inntektsførte løyvingar (utsett inntektsføring)			
Avsetningar til andre føremål og investeringar frå Kunnskapsdepartementet	Løyving for 2025	Avsetning pr. 31.12.2025 i kr	Avsetning pr. 31.12.2025 i pst.
Avsetningar til andre føremål	339 718	16 960	5 %
Avsetningar til investeringar	339 718	10 987	3 %
Sum avsetningar frå Kunnskapsdepartementet	339 718	27 947	8 %
Fordringar knytt til tilskot og overføringar (fordringar som er nettoført i note 15 del II)	31.12.2025	31.12.2024	
Ikkje vesentlege fordringar (samla sum/residual)	746	779	
Sum	746	779	

Noregs musikkhøgskole

nmh.no
post@nmh.no
23 36 70 00

Slemdalsvegen 11
Postboks 5190 Majorstua
0302 Oslo